


IDRETTSKRETSTING

VESTLAND IDRETTSKRETS

Førde 2. april 2022

SAKSDOKUMENT

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



PROGRAM

Laurdag 2. april 2022, Scandic Sunnfjord Hotel & Spa

kl. 09.30 – 10.00	Registrering
kl. 10.00 – 11.30	Fagseminar ”Frivilligåret 2022: ”Frivillig i idretten - kvifor engasjere seg?”
kl. 11.30 - 12.30	Lunsj
kl. 12.30 - 13.00	Registrering
kl. 13.00 – 18.00	Tingforhandlingar

INNHALD

Opning

Helsingstalar

Sak 1: Godkjenning av dei frammøtte representantane	4
Sak 2: Val av dirigent	4
Sak 3: Val av sekretærar	4
Sak 4: Val av to representantar til å skrive under protokollen	4
Sak 5: Val av teljekorps	4
Sak 6: Godkjenning av innkallinga	4
Sak 7: Godkjenning av saklista	4
Sak 8: Godkjenning av forretningsorden	5
Sak 9: Behandle årsmelding for idrettskretsen	5
Sak 10: Behandle idrettskretsen sin rekneskap (sjå eige dokument)	
Sak 11: Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett for idrettskretsen for 2022 og 2023	36
Sak 12: Behandle forslag og saker	50
Sak 13: Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin rekneskap	53
Sak 14: Val av:	
a) Styreleiar og nestleiar	54
b) Fire styremedlemmar og to varamedlemmar	54
c) Kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar	55
d) Representantar til Idrettstinget, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantar.....	55
e) Valkomité med leiar, to medlemmar og eit varamedlem for neste idrettskretsting.....	55

SAKSBEHANDLING

OPNING

Helsingstalar

1. GODKJENNING AV DEI FRAMMØTTE REPRESENTANTANE

Kretsstyret har kontrollert lista over representantar.

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Kretstinget godkjenner dei frammøtte representantane.

2. VAL AV DIRIGENT

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Kretstinget vel Håkon Matre som dirigent.

3. VAL AV SEKRETÆRAR

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Kretstinget vel Heidi Hatlen og Erling Benjaminsen frå administrasjonen som sekretærer.

4. VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Kretsstyret sitt forslag til vedtak leggst fram på tinget.

5. VAL AV TELJEKORPS

Kretsstyret sitt forslag til vedtak leggst fram på tinget.

6. GODKJENNING AV INNKALLINGA

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Innkallinga godkjennast.

7. GODKJENNING AV SAKLISTA

Sak 1: Godkjenning av dei frammøtte representantane

Sak 2: Val av dirigent

Sak 3: Val av sekretærer

Sak 4: Val av to representantar til å skrive under protokollen

Sak 5: Val av teljekorps

Sak 6: Godkjenning av innkallinga

Sak 7: Godkjenning av saklista

Sak 8: Godkjenning av forretningsorden

Sak 9: Behandle årsmelding for idrettskretsen

Sak 10: Behandle idrettskretsen sin rekneskap

Sak 11: Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett for idrettskretsen for 2022 og 2023

Sak 12: Behandle forslag og saker

Sak 13: Behandle retningslinjer for fordeling av dei midlar som er til disposisjon for kretsen

Sak 14: Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin rekneskap

Sak 15: Val av

a) Styreleiar og nestleiar

b) Fire styremedlemmar og to varamedlemmar.

c) Kontrollutvall med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar.

d) Representantar til Idrettstinget, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantar.

e) Valkomité med leiar og to medlemmar og eit varamedlem for neste idrettskretsting.

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Kretstinget godkjenner framlagt sakliste.

8. GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN

Kretsstyret sitt forslag:

- 4.1 Tinget vert leia av den valde dirigenten /dei valde dirigentane. Protokollen vert ført av dei valde sekretærane, som sjølv fordeler arbeidet seg i mellom.
- 4.2 Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Representant for forslagsstillar med forslag på saklista, vert gitt nødvendig taletid for å presentere forslaget. For dei andre innlegga vert taletida sett til 3 min første gong, 1 min andre og tredje gong. Representantar som forlangar ordet til forretningsorden har 1 min taletid. Dirigenten kan gjere framlegg om kortare taletid og setje strek for dei som har teikna seg på talarlista. Dirigenten kan også gjere framlegg om taletid til personar utan talerett.
- 4.3 Alle forslag må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast attende og nye forslag kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre gjerast i saker som står på saklista.
- 4.4 Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avleverte stemmene, med dei unntak lova fastset. Blanke stemmesetlar tel ikkje og vert rekna som ikkje avleverte.
- 4.5 I protokollen vert det ført inn kven som har hatt ordet i sakene, kva forslag som er fremja, kven som er forslagsstillar, kva vedtak som er fatta i den enkelte saka, og resultatet av avstemminga med talet på stemmer for og imot.

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Kretstinget godkjenner forslag til forretningsorden.

9. BEHANDLE ÅRSMELDING FOR IDRETTSKRETSEN

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Framlagte årsmelding for Vestland idrettskrets for 2020 og 2021 godkjennast.



RAPPORT 2020 - 2021

Strategiske satsingsområde

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



INNHALD

STATISTIKK

TILBAKEBLIKK

SATSINGSOMRÅDA

LIVSLANG IDRETT

BETRE IDRETTSLAG

FLEIRE OG BETRE IDRETTSANLEGG

Nøkkeltal

2 Idrettens Hus



11 årsverk



1 styre

FØRDE

BERGEN

ORGANISASJONEN



53 særiddrettar



43 idrettsråd



987 idrettslag (2020)



200 422 medlemskap (2020)



148 kurs og kompetansetiltak 2020

182 kurs og kompetansetiltak 2021

STATISTIKK

Vestland idrettskrets (VIK) er paraplyorganisasjon for i underkant av 1 000 idrettslag fordelt på 43 idrettsråd. VIK er den tredje største idrettskretsen i landet bak Viken IK og Oslo IK med tanke på talet på medlemmar, og berre Viken IK har fleire idrettslag enn Vestland IK.



Tala i tabellane og diagramma under er henta frå samordna rapportering og gir eit innblikk i omfang og aktivitet i fylket.

År	Talet på IL	Kvinner					Menn					Sum		
		0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	K	M	Totalt
2016	1 002	4 497	30 628	18 500	8 217	31 743	4 226	33 021	22 834	12 846	56 555	93 585	129 482	223 067
2017	1 006	4 146	29 961	19 134	8 475	32 143	3 734	32 244	23 645	13 032	57 436	93 859	130 091	223 950
2018	994	3 991	30 344	19 010	9 527	32 823	3 727	32 156	22 778	13 151	57 622	95 695	129 434	225 129
2019	997	3 913	30 234	18 762	9 221	32 489	3 768	32 272	22 330	13 284	57 777	94 619	129 431	224 050
2020	987	3 161	27 442	16 835	8 576	29 134	3 192	29 554	19 782	12 339	50 407	85 148	115 274	200 422

Fig 1 Tabellen viser utviklinga i medlemskap i ulike aldersgrupper og talet på idrettslag i Vestland idrettskrets i åra 2016-2020.

År	Kvinner					Menn					Sum		
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	K	M	Totalt
2016	3 554	30 192	16 823	6 602	22 344	3 089	31 689	20 431	10 603	43 504	79 515	109 316	188 831
2017	3 207	30 863	17 602	6 790	23 045	2 892	32 806	21 015	11 378	43 914	81 507	112 005	193 512
2018	3 232	30 814	17 938	7 269	22 631	2 892	31 769	20 372	10 857	42 561	81 884	108 451	190 335
2019	2 952	30 360	18 414	7 746	22 699	2 682	32 177	20 632	11 362	42 988	82 171	109 841	192 012
2020	2 422	28 726	17 219	7 580	21 813	2 482	30 231	19 598	11 765	41 546	77 760	105 622	183 382

Fig 2 Tabellen viser utviklinga i aktivitetstal i ulike aldersgrupper i Vestland idrettskrets i åra 2016-2020.

År	Talet på IL	Kvinner	Menn	Totalt
2016	161	8 499	12 865	21 364
2017	171	8 738	10 970	19 708
2018	130	7 449	10 596	18 045
2019	113	7 304	9 934	17 238
2020	109	6 173	7 632	13 805

Fig 3 Tabellen viser utviklinga i bedrifts-idretten i Vestland idrettskrets i åra 2016-2020.




Fig 4 Diagrammet viser ei oversikt over dei ti største idrettslaga i fylket målt i medlemskap



Fig 5 Fotball er den største idretten i fylket målt i aktivitetstal (51 700). Diagrammet viser dei ti neste idrettane med oppgitt aktivitetstal.




Fig 6 Diagrammet viser utviklinga i %-andelen kvinner og menn med medlemskap i idrettslag i Vestland idrettskrets frå 2016 til 2020.

Kjønnsfordeling leiarar i IL




Fig 7 Figuren viser kjønnsfordelinga blant leiarar i idrettslag i VIK i 2021.

Aldersfordeling leiarar i IL




Fig 8 Figuren viser aldersfordelinga blant leiarar i idrettslag i VIK i 2021.




Fig 9 Diagrammet viser talet på aktive i ulike aldersgrupper i allidrettsgrupper i idrettslag i Vestland idrettskrets i åra 2015 til 2020.




Fig 10 Diagrammet viser talet på registrerte paraautøvarar i dei ulike aldersgruppene i idrettslaga i Vestland idrettskrets i åra 2015 til 2020.

TILBAKEBLIKK 2020 - 2021

Frå 1. januar 2020 blei Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets slått saman til Vestland idrettskrets. Styret har jobba ut frå ein klar ambisjon om å vidareføre det beste frå dei to tidlegare idrettskretsane til den nye idrettskretsen.

Koronapandemien

Ein del av ambisjonen var å ha jamlege dialogmøte med særkretsar/regionar og idrettsråd. Dessverre har dette vore blant tiltaka som vart skadelidande av koronapandemien, som slo inn over landet i mars 2020. Norsk idrett vart, som samfunnet elles, hardt ramma. Først og fremst fordi barn, unge og vaksne medlemmar ikkje lenger hadde tilgang til dei sosiale fellesskapa og aktivitetstilbodet i idrettslag. Antal medlemmar i Vestland har vorte redusert med ca 10% under koronapandemien.

Sjølv om pandemien har skapt store utfordringar for den store idrettsfamilien også i Vestland, er styret både stolt, imponert og takksam for ansvaret, kreativiteten og lojaliteten idrettslag har vist i denne krevjande tida. Situasjonen har ofte vore vanskeleg og har utfordra tolmodet hos idrettslag, men likevel er det gjort ein enorm innsats for å redusere skadane av situasjonen så godt som mogleg. Dette gjeld alle dei aktive og dei mange tusen frivillige eldsjelenesom brukar fritida si på å legge til rette for at dei gode verdiane som ligg i idretten skal kunne opplevast av så mange.

Rammevilkår

I idretten vil vi at det å vere frivillig skal opplevast som eit meiningsfullt fellesskap, og det er viktig å anerkjenne den frivillige innsatsen. I Vestland er verdien på den frivillige innsatsen i idretten berekna til om lag 2 milliardar kroner årleg.

Styret har vore uroa for fråfall blant både aktive og frivillige, samt negativ utvikling av økonomien i idrettslag, som ein direkte konsekvens av koronapandemien. Det har vore arbeidd politisk opp mot idrettsforbundet og overfor fylkeskommunen for å redusere skadeverknadane. Når det gjeld kommune-politikarar har det vore arbeidd saman med idrettsråda for å nå fram med synspunkt. Vestland fylkeskommune var tidleg ute og forsikra om at dei stod for dei løfta om støtte som Vestland idrettskrets årleg mottek, noko vi er svært takksame for.

Arbeid for å betre rammevilkåra for idretten i fylket har vore eit overordna mål for styret. Anleggsutvikling, samt arbeidet for å redusere kostnader for idrettslag ved å bruke idrettsanlegg har vore viktige mål. Kommunane tilfører idretten i Vestland store ressursar i form av tilskot og ikkje minst bygging og drift av anlegg. Idrettskretsen vil rose dei kommunane som praktiserer gratisprinsippet når det gjeld bruk av anlegga.

Nye satsingar

Gjennom hausten 2020 blei det innleia samtalar med mål om å styrke samarbeidet mellom dei tre idrettskretsane på Vestlandet innanfor områda idrettsturisme og arbeid med anleggsstrategi.

Styret vedtok å opprette eit ungdomsutval i idrettskretsen i 2020. Målet for utvalet er å styrke arbeidet for at ungdomsidretten skal vere i tråd med ungdom sine ønske og behov samt å auke ungdommen sin påverknad og medrårerett i alle organisasjonsledd i idretten.

Styremøte og representasjon

Styret har gjennomført 10 styremøte i 2020 og behandla 74 saker og 9 styremøte i 2021 og behandla 62 saker. Blant saker som har vore behandla:

- Høyringsinnspel:
 - Anleggspolitisk program, NIF
 - Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune 2020-2024
 - Spelemiddelsøknad frå NIF til KUD
 - Planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 for Vestland fylkeskommune
 - Strategisk viktige anlegg for idrettskretsar og særforbund til NIF
- Fordeling av midlar til paraiddrett
- Rekneskap og budsjett
- Langtidsplan/Strategiplan

Representasjon 2020

- Stiftingsmøte Alver idrettsråd
- Stiftingsmøte Ullensvang idrettsråd
- Stiftingsmøte Sogndal idrettsråd
- Årsmøte Idrettsrådet i Bergen
- Årsmøte Alver idrettsråd
- Årsmøte Sveio idrettsråd
- Årsmøte Ulvik idrettsråd
- Orientering Hovudutval for kultur, idrett og integrering, Vestland fylkeskommune
- Leiarmøte NFF Hordaland
- Idrettsrådsreise
- Skirenn og markering Markane IL
- Friidrettsstemne og seminar, Ulsteinvik

- Idrettens kvinnetidag, Oslo
- Styremøte NFF Sogn og Fjordane
- Styringsgruppa Idrettscampus Bergen
- Digitalt informasjonsmøte for idrettsråd, særkretsar/regionar og idrettslag
- Innlegg for ordførarar i Vestland
- NIF leiarmøte
- Regionting NHF Region Vest
- Opning turnhall Skavøypoll IL
- NIF Leiarforum
- Regionting NBBF Region Vest
- NIF Leiarsamling
- Møte Volleyballsatsing Hafstad vgs
- Utmerkinga for Årets Eldsjel i Vestland gjekk til Ruth Laberg frå IL Jotun

2021

- Møte for eigarane av Idrettens Olympiade AS
- Dialogmøte E-sport og gaming i Vestland
- NIF leiarforum
- Idrettspolitisk arena for unge styremedlemmer
- Idrettsting, Norges idrettsforbund
- Krinsting Sogn og Fjordane Skikrins
- Møte med politiske parti
 - Senterpartiet Sogn og Fjordane
 - Vestland Høgre
 - Raudt Sogn og Fjordane, Førde
 - Senterpartiet Hordaland, Bergen
 - Fremskrittspartiet, Bergen
- Norsk Idrettspolitisk Arena (NIPA), Brekstad
- Dialogmøte Skei og Bergen
- NIF leiarmøte, Oslo
- Ekstraordinært Idrettsting, Oslo
- Idrettsseminar Masfjorden idrettsråd
- Anleggskonferanse, Bergen

- Idrettens Møteplass, Sogndal
- Kretsting Vestland Gymnastikk og Turnkrets
- Gloppen Handballklubb 50 år
- Årets eldsjel, Vestland sin fylkesvinnar
- NFF Sogn og Fjordane 100 år
- Utmerkinga for Årets Eldsjel i Vestland gjekk til Magne Sørestrand frå Eldar IL
- Årsmøte Osterøy IR
- Årsmøte Austevoll IR
- Årsmøte Sveio IR
- Årsmøte Luster IR
- Årsmøte Fitjar IR
- Årsmøte Ullensvang IR
- Årsmøte Stord IR
- Årsmøte Vaksdal IR
- Årsmøte Voss IR
- Årsmøte Eidfjord IR
- Årsmøte Idrettsrådet i Askøy
- Årsmøte Idrettsrådet i Bergen
- Årsmøte Alver IR
- Årsmøte Øygarden IR

I tillegg til denne lista har det vore gjennomført fleire idrettskretsleiarmøte og dialogmøte med Norges idrettsforbund, samt med Vestland fylkeskommune om saker av ulik karakter.

Styret ynskjer å takke for ein formidabel innsats i idrettslag, særkretsar/regionar og idrettsråd gjennom to utfordrande år. Styret rettar ei stor takk til alle som bidreg for å skape trygge og gode oppvekstvilkår for barn og ungdom i Vestland.



foto: Janne Landås

Delegasjon fra Norges idrettsforbund og Vestland idrettskrets i Åsane Arena. Idrettsstyremedlem Marco Elsafadi (til venstre), idrettspresident Berit Kjøl, leiar i Vestland idrettskrets Nils R. Sandal og idrettsstyremedlem og leiar i ungdomsutvalet i Vestland idrettskrets Sara Stokken Rott.



*Styret med opprop:
"Idretten må være et trygt sted for alle" 2021.*



Styret deltok digitalt på Idrettstinget mai 2021.

Kretsstyret



Nils R. Sandal
Leiar



Anne-Grethe Naustdal
Nestleiar



Jarl-Helmer Svanberg
Styremedlem



Aina M. Steinsland
Styremedlem



Oddny Grete Njøten
Styremedlem



Lilly Schøyen
Styremedlem



Robert André Teikari
Styremedlem



Janne Landås
Tilsettes representant



Trond Olav Magnussen
Varamedlem



Tone Stavland
Varamedlem

Kontrollutval

Medlem	Terje Gjertsen, Førde IL
Medlem	Marit Pedersen, Bergens Svømme Club
Varamedlem	Svein Brunvatne, Lysekloster IL
Varamedlem	Björg Hildur Eikum Tang, Sogndal IL

Valkomité

Leiar	Andris Hamre, Os Turnforening
Medlem	Yngve Thorsen, Førde IL
Medlem	Cecilie Thaulle Løvlid, Sogndal IL
Varamedlem	Linda Arnesen, Løv-Ham Håndball

Administrasjon



Knut Songve
Organisasjonssjef



Heidi Hatlen
Rådgjevar organisasjon



Narve Heggheim
Rådgjevar anlegg



Anne-Kristine Aas
Seniorrådgjevar/
prosjektleiar



Bodil Ryste
Rådgjevar idrettsfag



Martin Uthaug
Rådgjevar
klubbutvikling



Grethe Hillestad
Rådgjevar



Thea Lunde Christiansen
Fagkonsulent Paraidrett



Ole Nilsen
Økonomikonsulent



Erling Benjaminsen
Økonomikonsulent



Janne Landås
Rådgjevar
kommunikasjon



Susanne H. Mikalsen
Vikar paraidrett
20.10.20 - 01.09.21

LIVSLANG IDRETT

For å nå målet skal idrettskretsen mellom anna tilby relevante og spissa kurstilbod av høg kvalitet for trenarar, leiarar og tillitsvalde. Innanfor livslang idrett kan ein rekne med følgende kurs:

Kurs tilrettelegging paraiddrett

Kurset tek føre seg korleis ein kan legge til rette aktivitet slik at barn, unge og vaksne med ulike funksjonsnedsetjingar kan delta aktivt og oppleve idrettsglede. I 2020 gjennomførte VIK fire kurs der to av dei var fysiske og to kurs digitalt. Eitt planlagt kurs blei utsatt til 2021 pga koronasituasjonen.

Barneidrettstrenaren

Aktivitetsleiarkurs barneidrett vart revidert i 2021, og endra namn til Barneidrettstrenaren. Rådgjevar for idrettsfag i VIK, Bodil Ryste, var gjennom fagteam barneidrett i NIF med i arbeidsgruppa som reviderte kurset. Kurset rettar seg mot trenarar for målgruppa 5-12 år på tvers av idrettar. På grunn av smittevernsrestriksjonar knytt til covid-19, var det fleire kurs som måtte utsetjast frå 2020 til 2021, og nokre vart tilpassa med delvis digital gjennomføring. Totalt har seks idrettslag gjennomført kurset lokalt (Bergen Kunstløpklubb, Bønes IL, Odda IL, Loen IL, Breimsbygda IL, IL Vetten), og i tillegg har det vore eitt ope kurs i Bergen med deltakarar frå ulike idrettslag. Idrettskretsen samarbeider med delar av skulesektoren på gjennomføring. Gjennom prosjektet AktivVane gjennomfører ungdommar kurset og dei får relevant praksis i SFO på den barneskulen ungdomsskulen samarbeider med. Idrettskretsen underteikna i 2021 ein samarbeidsavtale med Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal om gjennomføring av kurset på bachelorutdanningane innan idrett og friluftsliv. Nær 100 studentar gjennomførte kurset i regi av denne samarbeidsavtalen i 2021.

Webinar om allidrett og for barneidrettsansvarlege

For å nå ut til mange idrettslag i heile fylket har idrettskretsen gjennomført fleire årlege temakvelder om rolla barneidrettsansvarleg og om allidrett. Rolla barneidrettsansvarleg skal oppnemnst av styret i dei idrettslag som organiserer idrett for barn 12 år og yngre. I desse temakveldane har ein i tillegg til faginnhald om barneidrettens verdigrunnlag, rolla og oppgåvene til den barneidrettsansvarlege, samt inkludering og økonomi som barriere, hatt med bidragsytarar frå ulike idrettslag i heile fylket.

Delmål 1



Vere mangfaldig og tilrettelagt for alle aldersgrupper og nivå

Evalueringa har vist at mange ønsker at idrettskretsen skal halde fram med slike typar webinar då ein slepp reiseveg og at det er enkelt å delta.

Idrettskretsen skal vidare motivere idrettslag til å ha tilbod for alle aldersgrupper og nivå, og rettleie i tilrettelegging for ulike målgrupper. I tillegg støtte opp om idrettslag sitt arbeid med å rekruttere aktivt frå grupper som lett kan falle utanfor, og tilby rettleiing, kurs og kompetanseheevande tiltak som legg til rette for paraiddrett.

#tilbaketilidretten-kampanjen

Våren 2021 oppretta Norges idrettsforbund ei arbeidsgruppe for å førebu at idretten skulle opnast igjen etter covid 19-pandemien. Vestland idrettskrets var representert i denne arbeidsgruppa. Det vart henta inn kunnskap om det faktiske fråfallet som følgje av pandemien, både frå utøvarar og frivillige. Innsikta ble nytta i kommunikasjonen for å synleggjere dei negative effektane av pandemien og for å støtta idrettslag med nyopning, nyrekruttering og kommunikasjon med sine medlemmer. Det vart utarbeida materiell og rammer for ein kampanje i samband med markeringa av nyopninga av idretten. Målsettinga med denne kampanjen var å inspirere til idrettsglede, og få tilbake medlemmer som har valt å slutte som følgje av korona-pandemien.

Laurdag 25. september vart valt ut som ein dag der det vart satt særleg fokus på denne kampanjen. I Vestland vart det gjennomført arrangement i regi av idrettslag både denne dagen og vidare utover hausten.

Inkludering

Idrettskretsen har i samarbeid med NFF Hordaland og NHF Region Vest eigen stillingsressurs for inkludering. I dette arbeidet ligg mykje samarbeid på tvers av idrettsorganisasjonen og med offentlege instansar. Arbeidet rettar seg mot samfunns- og verdiarbeid med

å få alle med i idretten, med særskild hovudvekt på fleirkulturelle og økonomiske barrierar. Inkluderingsarbeidet er også eit samarbeid med Vestland fylkeskommune og særskilt Bergen kommune.

Inkluderingsarbeidet vart også prega av koronasituasjonen, og restriksjonar gav mindre aktivitet enn tidlegare år. Likevel har idrettskretsen fått utført mange tiltak. Eitt av innsatsområda har vore å utfordre idrettslag til å sette fokus på lavterskelaktivitetar, open hall og enkle grep som idrettslaga kan arbeide med for å gjera idrettslaget meir opne for alle. I tillegg har idrettskretsen lagt til rette for fleire ulike gratis ferieaktivitetar i sommar på Stord, Askøy og i Bergen, med over 150 deltakarar både alderen 8-14 år og 15-20 år. Det har vore mottaksretta arbeid for spesielt barn og unge som bur eller har vore knytta til Stord mottak og Solbakken mottak i Florø. I vår fekk vi gjennomført ei veke med aktivitetsdagar for innføringsklassar i Bergen. I tillegg foredrag og møte med informasjonsformidling om idrett i Norge til spesielt ungdom og vaksne med fleirkulturell bakgrunn.

Klubbbesøk

Det har vore gjennomført færre fysiske klubbbesøk desse to åra. I staden har vi satsa på webinar og digitale møteplassar. Vi har gjennomført webinar med ulike tema innan samfunn og verdiarbeid både hos idrettskretsen og saman med andre samarbeidspartar som NFF Hordaland og NHF Region Vest og Aktiv Saman-ressursgruppa. Vi har hatt eit ekstra samarbeid med idrettslag og ressurspersonar knytta til Sogndal IL, Askøy fotballklubb og Stord IL. I tillegg har vi hatt ekstra oppfølging av godt over 20 ulike idrettslag som har vore knytt til Lågterskel-tilskotsordninga til Vestland fylkeskommune.

Feltarbeid

Feltarbeidet er samarbeid med barne og ungdomsskular i Bergen som har innføringsklassar. Ein feltarbeidar hjelper barn og unge med deltaking i idrettsaktivitetar. Vi har vore på åtte ulike skular, der det er alt frå 5-25 elevar per klasse. Vi har hatt mellom 5-8 ulike feltarbeidarar og vi får ca 40-65 % av elevane ut i idrettsaktivitetar per klasse.



foto: Tove Lise Mossestad

Samarbeid med andre aktørar

Aktiv Saman er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, DNT Bergen og Hordaland Turlag om inkludering i idrett og friluftsliv. Denne gruppa har i 2021 sett fokus på informasjonsformidling og samarbeid med frivilligheita og kommunar. Vi samarbeidar også med Kirkens bymisjon, Redd Barna, Norsk Folkehjelp og Røde Kors spesielt i Bergen, noko på Stord, men også i andre kommunar i fylket. Idrettskretsen samarbeider òg med ulike Frisklivs- og meistringssentralar i fylket.

Paraidrett

I perioden har fagkonsulenten innanfor paraidrett arrangert tverridrettslege kurs, konferanse om paraidrett, samlingar og møteplassar og jobba for å synleggjere og informere om paraidrett. I tillegg har fagkonsulenten samarbeidd med andre viktige aktørar både i og utanfor idretten for å informere og rekruttere fleire til paraidrettstilbodet. Til trass for at nokon arrangement og aktivitetar har blitt avlyst og utsett som følgje av koronasituasjonen, har noko vore mogleg å gjennomføre digitalt. Det har vore gjennomført paraidrettsdagar og paralympiske samlingar i samarbeid med til dømes Helse Bergen, interesseorganisasjonar, særforbund/kretsar, idrettslag, og Olympiatoppen Vest. Det har også vore gjennomført kompetansehevande kurs om tilrettelegging for paraidrett retta mot idrettslag og trenarar.

Det vart i 2020 gjennomført ein skuleturne der para-utøveren Samul Ageze Kashafali fortalde si historie til elevar med fokus på paraidrett og moglegheiter innan idrett for alle. Skuleturneen besøkte 15 skular og det vart gjennomført 17 foredrag i Bergen, Alver og Masfjorden kommune. Til saman fekk ca 1380 elevar høyre foredraget. Turneen var i samarbeid med Olympiatoppen Vest.

I 2020/2021 har det har vore gjennomført totalt 28 samlingar (tre av desse webinar) om paraidrett med totalt ca 400 deltakara på desse tiltaka. Tiltaka har vore for nye og eksisterande utøvarar, føresette og for idrettslag. Det har òg vore samlingar for aktørar utanfor idretten som til dømes spesialisthelsetenesta, kommunetilsette frå fysioterapi og idrett med fleire. Det har blitt arrangert åtte tilretteleggingskurs paraidrett der to av desse kursa var digitale. Idrettslag har blitt følgt opp med ulike førespurnadar om paraidrett, alt frå hjelp til å starte nye tilbod, kvar ein kan søke midlar, korleis inkludere paraklasse i arrangement, hjelp til rekruttering med meir.

Barn og unge med ulike tilretteleggingsbehov

Gjennom prosjektet Knutepunktet i Idrettsklynge Vest, har idrettskretsen vore ein av bidragsytarane til opparbeiding av nettstaden www.tryggeutovere.no.

Med Trygge utøvere har ein som mål at barn med særskilte behov skal oppleve bevegelsesglede, mestring og tryggleik i fysisk aktivitet, slik at alle trivast på trening og opplever fellesskap med kvarandre. Nettstaden gir tips og råd til aktivitetsleiarar i idretten. I Knutepunktet, og i samarbeid med Idrett Bergen Sør i prosjektet “Mega for alle”, har idrettskretsen vore med på å utvikle kurs retta mot trenarar og føresette i idretten om korleis ein kan legge til rette aktivitet for barn med usynlege behov. På grunn av smittevernsrestriksjonar har planlagte kurs med fysisk oppmøte blitt utsett fleire gonger.

Saman med møteplassen “Paraidrett - frå breidde til topp” i Idrettsklynge Vest, vart konferansen “Inkluderande idrettsliv” arrangert i november 2021. Vestland idrettskrets hadde her eit innlegg saman med Idrett Bergen Sør med tittelen “Inkludering i idretten for born og unge med usynlege behov”.

Idrettsmerket

Idrettsmerkearrangørane legg ned stor innsats år etter år og motiverer mange til fysisk aktivitet og trivsel, og legg til rette for viktige sosiale møteplassar. Idrettskretsen bidreg med informasjonsarbeid, registrering og oppfølging av arrangørar. Sjølv om idrettsforbundet gjekk over til elektronisk registrering i 2017, bidreg idrettskretsen framleis med registrering for dei som ønsker det. Tabellen under viser kor mange kvinner og menn som har tatt idrettsmerket i 2019 og 2020. Tal for 2021 er førebels ikkje rapportert inn.

År/fylke	Tal kvinner	Tal menn	Totalt
2019 Hordaland	172	240	412
2019 Sogn og Fjordane	65	84	149
2020 Vestland	154	218	372
2021 Vestland	168	213	381

Fig 11 Figuren viser Idrettsmerketakarar 2019-2021.

For å nå målet om å vere mangfaldig og tilrettelagt for alle aldrar og nivå, skal Idrettskretsen også jobbe for godt samarbeid med idrettsråda, særkretsar og ulike offentlege instansar.

Idrettsråd

Alle kommunar skal ifølgje NIFs lovverk ha eit idrettsråd (IR). IR er eit fellesorgan for idretten i kommunen, organisert gjennom idrettskretsane og underlagd NIFs lover og vedtekter. Idrettslag med medlemskap i NIF blir automatisk medlem i idrettsrådet i sin kommune. Idrettskretsane har service- og støtteoppgåver for idrettsråda og skal sørge for at det blir oppretta idrettsråd i kommunane. Idrettskretsen godkjenner òg idrettsrådet si lov.

I Vestland har vi 39 idrettsråd og fire kontaktidrettslag. Kontaktidrettslaga har IR sine oppgåver - ansvar for kontakt og samarbeid med sin kommune.

Samarbeidsavtale idrettsråd og kommune

Vestland idrettskrets oppmodar idrettsråda til å inngå skriftlege samarbeidsavtalar med sin kommune. Mange idrettsråd i Vestland har no inngått slike avtalar. Desse avtalane klargjer viktige prinsipp og gjen- sidige krav og forventingar til samarbeidet mellom kommunen og idrettsrådet. I perioden har idretts- kretsen hjelpt idrettsråda i deira arbeid. VIK har jobba for å tydeleggjere for kommunane idrettsråda si lovpålagde rolle og oppgåver som organisasjonsledd i idretten. Det har vore ei prioritert oppgåve for idretts- kretsen å delta og bidra på idrettsråda sine årsmøte. Det er per 31.12.21 16 idrettsråd som har undertei- kana samarbeidsavtale med sin kommune, men fleire idrettsråd er i prosess med sin kommune om ein samarbeids- avtale.



foto: Thore Hopperstad

Ulvik IR og Ulvik kommune signerte samarbeidsavtale 01.12.20. F.v.: Terje Strømmen og Hulda Run S. Thorbjørnsen i Ulvik IR og Hans Petter Thorbjørnsen, ordfører i Ulvik kommune.

Idrettskretsen deltok i perioden på 46 årsmøte i idrettsråda, der det totalt var registrert 916 deltaka- rar. I tillegg var idrettskretsen på 98 besøk i idretts- råda, med 649 deltakarar. I tillegg har det vore kurs i "idrettsrådets rolle og ansvar" og anleggskurs for idrettsråd. Sjå resultatmål for oversikt.

Kurs og kompetanseheevande tiltak retta mot idrettsråda

VIK har saman med idrettsråda gjennomført felle- sidrettslege kurs og temadagar, i tillegg har det vore gjennomført relevante konferansar i samarbeid med idrettsråd som har ønskt det.

Idrettsrådsruiset

Idrettsrådsruiset vart gjennomført 6.-8. mars 2020 på Fjordline og i Danmark med tema idrettsanlegg. Det vart gjennomført foredrag på båten, og besøkt anlegg i Tornhøy og Viborg i Danmark. På anleggsbe- søka var det stort fokus på prosessane med utvikling av anlegga. Desse anlegga vart besøkt:

Tornhøy, Østre Aalborg, kommunalt anlegg med bety- delig frivillig drift.

- Streetmekka, Viborg, kommunalt eigd, drift av organisasjonen "Game".
- Hald Ege, Viborg, eksisterande idrettshall reno- vert, nytt tilbygg og nye fasilitetar ute og inne.
- Skørping skolegård, innovativ skulegård med mange og varierte aktivitetar



foto: Janne Landås

Streetmekka, Viborg

Det var 55 deltakarar frå 16 idrettsråd, og 12 av dei deltakande idrettsråda stilte også med ordførar/vara- ordførar/utvalsleiar eller kultursjef frå kommunen. Deltakarane meldte tilbake om ein svært nyttig fag- konferanse og svært stor verdi at politikarar, admini- strasjon og idrett møtast for felles erfaring og læring.

Samarbeid med offentlege instansar og på tvers i idrettsorganisasjonen

Gjennom året har idrettskretsen ei rekkje møtepunkt med idrettsråda, særkretsane/regionane og ulike offentlege instansar. Samarbeid med det offentlege og på tvers i idrettsorganisasjonen står sentralt i mykje av arbeidet vårt, til dømes innanfor paraidrett og inkludering.

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune er idrettskretsen sin vikti- gaste samarbeidspart utanfor idrettsorganisasjonen. Idretten sorterer under ansvarsområdet til hovud- utval for kultur, idrett og integrering i fylkeskommu- nen. VIK har hatt svært god dialog både på politisk nivå og administrativt nivå. Dette har vore ein styrke gjennom koronapandemien. Dei to ekstraløyvingane til særiddrettane som fylkeskommunen fekk oppretta i samband med koronapandemien har vore viktige for idretten.

I perioden har VIK inngått en samarbeidsavtale med fylkeskommunen om berekraftig anleggsutvikling.

Kontakt med stortingspolitikarar

Idrettskretsen har i perioden hatt møte med flere politikarar på nasjonalt nivå. I forkant av stortings-

valet i 2021 vart det gjennomført fleire møte med politikarar frå ulike politiske parti. Kretsstyret valde å prioritere denne måten å ha kontakt med politiske parti på framfor å gjennomføre ein paneldebatt der ein samlar politikarar frå ulike parti i same arrangement. Bakgrunnen for dette er at det kan vere lettare å følge opp dialogen i etterkant av slike møte. Idrettskretsen set stor pris på at stortingspolitikarar har tatt kontakt i perioden for å diskutere ulike problemstillingar med relevans for idretten, og ikkje minst korleis rammevilkåra for idrett kan styrkast i Vestland.

Idrettspolitiske dialogmøte

Det vart hausten 2020 lagt til rette for tre idrettspolitiske møteplassar der tillitsvalde i idrettsråd og særkretsar/regionar og idrettskrets møte kvarandre for å informere og drøfte ulike saker. To av møta måtte utsetjast på grunn av koronasituasjonen, men eitt møte i Bergen vart gjennomført med 22 deltakarar.

Det vart i mai 2020 gjennomført eit digitalt informasjonsmøte for idrettslag, idrettsråd og særkretsar/regionar i Vestland, der koronapandemien, aktivitet og støtteordningar var hovudtema. 90 personar deltok i dette møtet.

I 2021 vart det gjennomført slike dialogmøte både på Skei med 15 deltakarar og i Bergen med 30 deltakarar.

Samarbeid med særkretsar/regionar

VIK gjennomfører regelmessig samarbeidsmøte med daglege leiarar i særkretsar/regionar i Vestland. Andre døme er samarbeid i høve fellesidrettslege tema som klubbutvikling og to årlege møte med samordning av terminliste i aldersfastlagde klassar. Det er også tett samarbeid innanfor område som paraiddrett og inkludering.

Hausten 2021 tok VIK initiativ til ei felles samling for alle tilsette ved Idrettens Hus i Førde og i Bergen samt NFF Sogn og Fjordane, som er lokalisert i Sogndal. Samlinga vart gjennomført på Voss med 50 deltakarar.

Idrettens Møteplass

Arrangementet Idrettens Møteplass har vore gjennomført i Sogn og Fjordane idrettskrins sidan 2017, og vart gjennomført i Førde 24.10.2020 og i Sogndal 30.10.2021 med kring 110 deltakarar i 2020 og 120 deltakarar i 2021. På dette arrangementet har idrettskretsen eit samarbeid med særkretsane i ski, friidrett og orientering i Sogn og Fjordane, og legg til rette for felles foredrag og aktuelle møte, samt ei tverridrettsleg treningssamling for ungdom i alderen 12-19 år. I tillegg har idrettskretsen ansvar for samling for idrettsråd og kurstilbod for idrettslag/idrettsråd. Det fellesfaglege foredraget hadde i 2020 bidrag frå Olympiatoppen Vest, Antidoping Norge og Høgskulen på Vestlandet – under overskrifta «Livslang idrettsglede», og i 2021

bidrog Erlend Slokvik, sportssjef i Friidrettsforbundet og Heidi Holmlund, ernæringsrådgjevar i Olympiatoppen. [Fyldigare rapportar frå arrangementa her.](#)

Idrett og skule

Idrettskretsen samarbeidar med Høgskulen på Vestlandet i Bergen om Praksis i frivillig idrettssliv, der idrettskretsen har ansvar for å skaffe studentane praksisplass i idrettslag, samt å følge opp studentar og betale idrettslaga med midlar frå Høgskulen på Vestlandet. I 2020 var det 22 studentar i praksis i 10 ulike IL og i 2021 var dei tilsvarende tala 43 studentar og 21 IL. I samarbeidet inngår også undervisning på Høgskulen for Bachelor idrett-studentar.

Saman med Idrett Bergen Sør har idrettskretsen ansvar for å kurse SFO-tilsette og ungdomsskuleelevar i Bergen kommune, lage aktivitetstilbod og følgje dei opp i tiltaket AktiVane. Tiltaket er finansiert av Bergen kommune og dette samarbeidet er sikra gjennom ein avtale mellom Byrådsavdeling for barnehage, skole og idrett og idrettskretsen. Det er no 27 barneskular og 16 ungdomsskular med i tiltaket. Aktiviteten desse to åra har vore prega av pandemien og det er kun gjennomført sju kurs med til saman 112 deltakarar.

Idrettskretsen deltok i 2020 i arbeidsgruppa for toppidrett i vidaregåande skule i regi av Vestland fylkeskommune.

Idrettscampus Bergen/Idrettsklynge Vest

Idrettscampus Bergen skal styrke samhandlinga kring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland, gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og formidling. I april 2021 vart ny samarbeidsavtale underskriven, og det ideelle aksjeselskapet Idrettsklynge Vest AS vart stifta. Vestland idrettskrets har representantar i fleire av Idrettsklynge Vest sine prosjekt:

- *Knutepunktet:* Ein arena der barn og unge får lyst til å vere fysisk aktive, til trass i helseutfordringar.
- *Styrke kroppsovingsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule:* Hovudmålet er å legge eit solid fundament for god fysisk og psykisk helse gjennom heile livsløpet.
- *Paraidrett frå breidde til topp:* Fagkonsulent paraiddrett er leiar for gruppa. Målet er å legge til rette for at fleire med funksjonsnedsetting kan delta i idrett og fysisk aktivitet.
- *Aktive Gamere:* Legge til rette for tettare kopling mellom gaming, idrett og fysisk aktivitet. Utvikle modellar, auke kompetanse og skape møteplassar. Idrettskretsen skal ha fokus på idrettslag i dette arbeidet.

- **Ungdomsråd på tvers:** Samla representantar frå ungdomsråda i dei ulike organisasjonane. Målet er å auke brukarmedverknaden frå ei viktig målgruppe.
- **Fysisk aktivitet for eldre:** Nyetablert møteplass hausten 2021.
- **Energikonsulent:** Gjennom møteplassen Knutepunktet i Idrettsklynge vest vart det sendt søknad til Stiftelsen DAM i 2020 om midlar til prosjektet «Energikonsulent- trygghet i overgangen.» 15. desember 2020 vart prosjektet, som har ei lengd på to år, tildelt 1 345 000 kroner. Vestland idrettskrets, Energisenteret for barn og unge samt Bergen kommune etat for barn og familie står bak søknaden. Energikonsulent skal sikre at barn og unge med tilretteleggingsbehov skal kunne delta og oppleve fellesskap i organisert aktivitet i sitt nærmiljø. Heilt konkret skal barn og unge ha møte med ein energikonsulent og finne passende aktivitet å delta på. Deretter blir energikonsulenten med på trening dei første gongene og sikrar difor ein trygg inngang. I 2021 vart det tilsett tre energikonsulentar hos dei ulike aktørane i prosjektet. Ein av desse er Vilde Næss Brodahl som er tilsett 40 % i Vestland idrettskrets.

I tillegg til det som er opplista i tabell kjem temamøte eller klubbesek i idrettslaga som omhandlar spesifikke tema, til dømes paraiddrett, økonomi som barriere eller inkludering.

- **Evaluering av kurstilbod og gjennomførte kurs:** Det er gitt 90 evalueringar på 20 ulike kurs. Snittscoren er 5,3 (skala 1-6).
- **Utvikling i medlems- og aktivitetstal, samt tal på aktive med funksjonsnedsetjing og i allidretts-tilbod:**

Medlems- og aktivitetstal: Sjå statistikk

Tal 2020: Paraidrett: 1 349 parautøvarar. Fem idrettslag har registrert 13 parautøvarar som deltek på allidrettstilbod.

Tal 2021: Paraidrett 1 382 parautøvarar. Fem idrettslag har registrert 13 parautøvarar som deltek på allidrettstilbod.

Allidrett: 92 idrettslag tilbyr per 2020 allidrett, totalt 6 013 aktive i alderen 0-19 år. Flest i aldersgruppa 6-8 år.

Tal på gjennomførte møte på tvers av organisasjonsledda: Framgår av tekstdel, med informasjon om samarbeid med det offentlege i til dømes idrettskule, paraiddrett og inkludering, og på tvers av organisasjonsledda idrettsråd, særkrets/region og idrettslag.

RESULTATMÅL

Talet på kurs, kursdeltakarar og klubbesek (sjå også tabell under Betre idrettslag)

	2020	2021	
Type kurs/tiltak	Antal kurs	Antal kurs	Deltakarar 2021
Barneidrettstrenaren	5*	16	223
Fagdag idrett	Avlyst pga korona		
Idrettsrådet rolle og ansvar	2	2	11
Idrettsrådsbesøk	47	53	649
Anleggskurs idrettsråd		1	15
Leiarkurs for ungdom	1	0*	0
Digitale temamøte barneidrett	5	4	34
Tilrettelegging paraiddrett	4*	4	85
Webinar: Paraidrett		2	
Webinar: IL, gaming og e-sport		1	15
TOTALT	64	83	1 032

Fig 12

* Planlagte kurs/tiltak med fysisk oppmøte/praktisk aktivitet måtte i store delar av 2020 og 2021 utsetjast eller avlyst.



foto: Thea Christiansen

Delmål 2

Halde på fleire, lenger



Her skal idrettskretsen mellom anna jobbe for at barn og unge møter eit mangfaldig, allsidig og koordinert idrettstilbod i nærmiljøet sitt.

Allidrett for barn 6-12 år og ungdom 13 – 19 år

Allidrett for barn og ungdom er eit varierte og allsidige aktivitetstilbod der barn får prøve fleire ulike idrettar i ulike miljø. Idrettskretsen godkjenner nye allidrettsstilbod, og handsamar søknadar om støtte til oppstart og utvikling av allidrettstilbod, samt utstyrsmidlar. Idrettskretsen har ei rådgjevande rolle overfor idrettslaga som tilbyr allidrett, og har i perioden 2020-2021 gjennomført 4 digitale temakvelder om allidrett.

Støtte til oppstart eller utvikling av allidrettstilbod:

Idrettslag	Type støtte og deltakarar	Sum
2020		
Sogndal IL	Oppstart barn – fleire enn 50 deltakarar	kr. 16 000
Sogndal IL	Oppstart ungdom - færre enn 50	kr. 11 000
IL Solnut	Oppstart barn - færre enn 50	kr. 11 000
Fyllingen Basketballklubb	Oppstart barn - fleire enn 50	kr. 16 000
Austevoll Idrettsklubb	Utvikling barn	kr. 8 500
Austevoll Idrettsklubb	Utvikling ungdom	kr. 8 500
Odda IL	Utvikling barn	kr. 8 500
Odda IL	Oppstart ungdom - færre enn 50	kr. 11 000
Veten IL	Utvikling barn	kr. 8 500
Hardbagg IL	Utvikling barn	kr. 8 500
Tambarskjelvar IL	Utvikling barn	kr. 8 500
2021		
IL Gneist	Utvikling barn	kr. 8 500
Vadmyra IL	Oppstart barn - færre enn 50	kr. 11 000
Eid IL	Utvikling barn	kr. 8 500
Selbjørn IL	Utvikling barn	kr. 8 500
Fjon U og IL	Oppstart barn - færre enn 50	kr. 11 000
Sogndal IL	Utvikling barn	kr. 8 500
Sogndal IL	Utvikling ungdom	kr. 8 500
Eldar IL	Oppstart barn - fleire enn 50	kr. 16 000
Total sum for åra 2020 og 2021		kr. 196 500

Fig 13

Treningssamling på tvers for ungdom

På Idrettens Møteplass legg idrettskretsen til rette for ei treningssamling for ungdom i alderen 12-19 år, på tvers av idrettar. Søkelyset er på basistrening og å bli kjent på tvers av idrettane. I 2020 deltok 30 ungdommar på treningssamlinga i Førde og 50 ungdommar i Sogndal i 2021. Treningssamlinga inkluderer også korte fagforedrag, som til dømes med Antidoping Norge i 2020.

Idrettskretsen skal også jobbe for å bidra til at ungdom kan utvikle seg som trenarar og tillitsvalde i idretten.

Ungdomsutval

I 2020 vedtok idrettskretsstyret å opprette eit Ungdomsutval, samt mandatet til ungdomsutvalet. Utvalet består av seks medlemmar, samt ungdomsrepresentant frå kretsstyret. Sara Stokken Rott er leiar av ungdomsutvalet, som mellom anna skal jobbe for at ungdom held på med idrett lenger, og vere idrettsungdommen si stemme i idrettskretsen i saker som omhandlar ungdom, i andre aktuelle saker, og i dei sakene kretsstyret ønsker å få ungdommane sine synspunkt.

2021 har for ungdomsutvalet vore eit år fylt med planlegging av prosjekt, arrangement og tiltak for å nå våre ambisjonar om «Idrettsglede for ungdom.» Utvalet har hatt store ambisjonar, god møteaktivitet og tett oppfølging av administrasjonen der vi har trengt det. Men pandemien har som for fleire deler av idretten satt ein stoppar for gjennomføringa av mykje av det vi har ønskt å få til.

Utvalet har derimot vore representert på fleire seminar og samlingar, blant anna Lillehammer Young Leaders Program og Olympisk akademi. Ungdomsutvalet hadde i 2021 hovudansvar for eitt av webinarane i verdi-webinar-veka, med tema ungt engasjement. Webinaret kan framleis sjåast på idrettskretsen sine youtube-sider.

Vi har deltatt i podcasten «TryggeUtøvere,» der vi snakka om verdien av dei frivillige, dei ulike retningane idrettane kan ta oss og kva idrettsglede kan føre til. Vi har vore med å skape kampanjevideoen «#takktfor» saman med Ungdomsråd på tvers i Idrettsklynge Vest. Ungdomsråd på tvers er eit veldig godt samarbeid, som vi er sikre på vil vere ei styrke i andre prosjekt i framtida.

Leiarkurs for ungdom

Idrettskretsen gjennomfører årlege leiarkurs for ungdom i alderen 15-19 år. Både i 2020 og i 2021 vart kurs utsett på grunn av pandemien. Det vart sett opp kurs på Skei i Sunnfjord hausten 2021, men det vart ikkje nok deltakarar til at kurset kunne gjennomførast då.

Aktivitetsleiarkurs ungdomsidrett

Gjennom eit samarbeid med Idrett Bergen Sør fekk VIK i 2020 midlar i ordninga "Lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge" for å utvikle eit aktivitetsleiar-kurs for ungdomsidrett. Tiltaket er meint for å legge til rette for at ungdom får auka kompetanse og blir trygge i rolla med å vere aktivitetsleiarar for ungdom. På grunn av koronasituasjonen er gjennomføring av kursa i prosjektet utsett.

Det vart gjennomført eitt aktivitetsleiar kurs ungdomsidrett for Sunnfjord kommune i forkant av ferie-aktivitetar i regi av kommunen i 2021.

Vidare skal idrettskretsen jobbe for at fleire kvinner vil vere trenarar, leiarar og tillitsvalde.

Likestilling i idretten

Likestilling i idretten inneber i hovudsak like moglegheiter for kvinner og menn. Om vi ønskjer at idretten skal vere for alle er det viktig å gjere noko med kjønnsbalansen i norsk idrett. Dette gjeld både blant medlemmar, leiarar, trenarar og anna støtteapparat.

Nettverket "Balanse" blei oppretta av Hordaland idrettskrets i 2018. Arbeidsgruppa har i perioden bestått av representantar frå Norges Fotballforbund Hordaland, Norges Håndballforbund Region Vest og Vestland idrettskrets. "Balanse" er eit nettverk for

å få fleire kvinner i idretten, på alle plan - både som trenarar, leiarar og medlemmar. Balanse er viktig i ein kvar funksjon i idretten. Vi har stor tru på at fleire kvinnelege leiarar og trenarar vil vere med å styrke og utvikle idretten. Den årlege Balanse-konferansen måtte utsetjast på grunn av situasjonen med covid-19. I februar 2021 gjennomførte vi webinaret "Kjønnsbalanse i norsk idrett". Elisabeth Faret frå NIF-styret stilte som foredragshaldar. Opptak av webinaret ligger på YouTube-kanalen til Vestland idrettskrets.

Norges idrettsforbund jobbar for kjønnsbalanse i norsk idrett. Målet er 40% kvinner i leiande posisjonar innan 2023.

RESULTATMÅL

- **Utvikling i alder og samansetting av tillitsvalde, leiarar og trenarar:** Sjå statistikkdel for leiarar. Vi har ikkje tal på tillitsvalde og trenarar.
- **Utvikling i medlemsmassen, samansetting og medlemskap:** Sjå statistikkdel. Tala viser nedgang i medlemmar i året 2020. Det kan ha si årsak i fråfall knytt til koronapandemien, men òg endra regelverk når det kjem til teljing av betalande medlemmar.
- **Tal på allidrettstilbod i idrettslaga:** Per 2020 har 92 idrettslag allidrettsgruppe.
- **Tal på kvinnelege leiarar:** Pr. 31.01.22 var det 1 011 idrettslag med registrert leiar og fire utan leiar. Av desse var det 765 menn og 242 kvinner



Ungdomsutvalet i Vestland idrettskrets

f.v. medlem Nikolai Medle Bjånesøy, medlem Jeanette Heggen, nestleiar Eline Marie Nordhus Soltvedt og leiar Sara Stokken Rott. Medlemmane Adrian Stinessen Haugen og Mattias Sakstad var ikkje tilstades då biletet blei tatt.

BETRE IDRETTSLAG

Idrettskretsen skal mellom anna tilby klubb utvikling, styre- og økonomikurs og andre kompetanseheevande tiltak og ha meir dialog med idrettslaga.

Klubb utvikling og dialog med idrettslaga

Idrettskretsen gjennomfører ei rekke kurs og prosessar som har relevans for målet om velfungerande og kompetente idrettslag med sunn økonomi og høg trivselsfaktor blant frivillige. Vi gjennomfører kursa både som opne felleskurs og ute i idrettslaga. Gjennom dialog med idrettslaga blir vi betre kjend med deira behov. Vi evaluerer systematisk kursa slik av vi ser kva for kurs idrettslaga opplever som nyttig for dei.

Klubbens styrearbeid i praksis, KlubbAdmin og økonomikurs

Desse kursa er retta mot tillitsvalde i idrettslaga. På grunn av koronasituasjonen vart mange av kursa gjennomført digitalt eller som kombinasjon av digitalt og fysisk oppmøte. Nokre av dei planlagde fysiske kursa i 2020 vart utsett til 2021. Evaluering av kursa tyder på at deltakarane opplev kursa som nyttige for arbeidet dei gjer, med ein totalscore på 5.23 (av maksimalt 6) på spørsmål om kor nyttig kurset var totalt sett. Kursa blir evaluert med digitalt spørjeskjema. Nytt kurs i 2021 var kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver.

Møte, klubbbesøk og prosessar med idrettslag

Utanom kursa vi arrangerer, reiser idrettskretsen sine klubbrettleiarar ut til klubbar i til dømes klubbbesøk, startmøte og verksemdsplanprosessar. I rapporteringsåra har vi hatt godt samarbeid med fleire særkretsar og særforbund og følgt opp ei rekke klubbar, både sær idrettslag og fleir idrettslag.

Dagleg leiar forum

Dei fem siste åra har vi arrangert forum for dagleg leiarar og administrativt tilsette i idrettslag. 2020 og 2021 var ikkje noko unntak. Denne gongen vart det arrangert som fysisk og digital samling og ei samling var heildigital. Informasjon om koronasituasjonen, besøk og innlegg frå NAV og Handel og kon tor fagforeining, innlegg om anlegg, aktivitetstilbod, HMS, økonomi samt gjennomgang av ei undersøking som var gjort i 2021. I tillegg får deltakarane diskutere ulike problemstillingar dei møter i kvardagen som dagleg leiarar.

Delmål 1

Velfungerande og kompetente idrettslag med sunn økonomi

Delmål 2

Høg trivselsfaktor blant frivillige



Kurslærarar/rettleiarar

For å nå breitt ut til idrettslaga i heile fylket har idrettskretsen kurslærarar og rettleiarar som bidreg frå ulike stader i fylket. Kurslærarane og rettleiarane samlast årleg til erfaringsutveksling og kompetanseheving – i 2020 med to digitale samlingar og med ei digital samling i 2021. I tillegg tilbyr idrettsforbundet kompetanseheving i form av kurslærarsamling, men i 2020 og 2021 gjekk denne samlinga ut på grunn av koronasituasjonen og restriksjonar mot slike arrangement.

Brukarundersøking

I august 2021 gjennomførte vi ei brukarundersøking blant organisasjonsledda i idrettskretsen. Der vil vi finne ut korleis organisasjonsledda opplev kontakten med idrettskretsen, korleis dei opplev informasjonen/kommunikasjonen med idrettskretsen og kva tiltak dei har vore med på og er interessert i framover. Undersøkinga blei sendt ut til idrettslag, idrettsråd og særkrets/region.

Vestland idrettskrets skal bidra til å sikre trygge sosiale rammer i idretten.

Trygg på trening

«Trygg på trening» er eitt av tiltaka idrettskretsen gjennomfører for å sikre trygge sosiale rammer i idretten. Trygg på trening handlar om arbeidet mot seksuell trakassering og overgrep, og gjennomførast som ein prosess med foredrag og utarbeiding av etiske retningslinjer og beredskapsplan i idrettslaget. Trygg på trening skjer i samarbeid med Nok. Bergen (tidlegare SMISO Hordaland) og Nok. Sogn og Fjordane. Vi var første idrettskrets som signerte formelle samarbeidsavtaler med Nok.-sentera.

Det har i dei to åra vore interne foredrag i 14 klubbar og tre særforbund/-kretsar, årleg foredrag for studenter på Høgskulen på Vestland i Bachelor idrett-utdanninga, møter med ei rekke klubbar, 8 opne foredrag rundt om i fylket og digitalt, der eitt var i samarbeid med idrettsråd og andre som ikkje fekk hatt grunna koronarestriksjonar.

#Stopp

Norges idrettsforbund har gjennom året arbeidd med saker som rasisme, homohets, kjønns- og seksualitetsmangfoldet, og andre former for diskriminering. Det er utarbeidd rettleiarar om rasisme, vald og trugsmål, samt seksuell trakassering og overgrep. Norsk idrett har nulltoleranse for alle former for trakassering og diskriminering. I slike landsomfattande tiltak bidreg idrettskretsen med informasjon ut til våre organisasjonsledd, samt handtering av saker som vert meldt til oss.

Regnbogedagane – Bergen Pride

Regnbogedagane er ein festival der ein blant anna ønskjer å synleggjere kjønns- og seksualitetsmangfoldet, og idrettskretsen deltar for å vise at idretten er for alle uansett kven du er glad i. I 2020 vart det ingen parade, men i 2021 blei gateparaden bytta ut med ein båtparade. Vestland idrettskrets stilte med ein båt som var pynta med banneret «Idrettsglede for alle» og flagg frå 12 ulike idrettslag.


VerdiWebinarVeke



For å kunne gje idrettslaga og medlemmane våre eit godt tilbod i pandemien var vi nøydd til å tenke nytt med tanke på gjennomføring. I tillegg til at mange av kursa våre blei gjennomført digitalt bestemte vi oss for å ha fokus på verdiarbeid våren 2021. Vi landa på å gjennomføre direktesendte webinar frå Idrettens Hus i Bergen og Førde under namnet VerdiWebinarVeke. Åtte ulike tema blei valt og blei gjennomført i løpet av to veker i tillegg til eitt webinar i juni. Under sendingane var det alt frå 10-25 på dei ulike webinarane. Dei er òg lagt ut på Youtube slik at dei kan sjåast i opptak. Det er no kring 500 visningar. Dette er verdiwebinara som blei gjennomført:

- Trygg på trening
- Rasisme i idretten
- Paraidrett i idrettslag – Ja, alle kan vere med!
- Kva betyr det egentleg å vere utanfor i idretten?
- Midla som lovar draumekroppen
- Ubevisst doping, når bryt ein reglane?
- Kjønnsbalanse i norsk idrett
- Ung medråderett og ungt engasjement
- Jævla homo! – Idrett, homohets og språkbruk

Fri-sone



Vestland idrettskrets er første idrettskrets med ei Fri-sone. Vestland idrettskrets vil at alle skal vere frie frå å bli utsett for blant anna vald og hatefulle ytringar. Difor har vi lært oss meir om hatkriminalitet og erklærer at vi er ei Fri-sone. Vi vil stå opp mot hatkriminalitet, og oppfordre andre til å gjere det same.

Styreleiar Nils R. Sandal:

“Vi i idretten arbeider heile tida for å gjere organisasjonen vår og våre aktivitetar trygge og meningsfulle for alle. Skal vi nå dette målet på ein god måte vil vi også legge til rette for at hatkriminalitet ikkje finn stad hjå oss. Derfor er vi i Vestland idrettskrets glade for at vi no kan kalle oss “Fri-sone”.

Vi skal nytte denne statusen til å søke kunnskap og formidle dette i vår organisasjon. Vi skal saman kvar dag gjere denne til handling. På denne måten kan vi raskare nå vår visjon om idrettsglede for alle.” www.fri-sone.no

Idrettskretsen skal bidra til implementering av digitaliseringsløftet og sikre at digitaliseringsløftet gjer kvardagen enklare i idrettslaga.

Gjennom dei siste åra har idrettsforbundet jobba for å gjere kvardagen enklare for idrettslaga, gjennom å betre dei digitale løysingane. I slikt landsomfattande arbeid bidreg idrettskretsen med informasjonsformidling ut til idrettslaga, samt råd og rettleiing. NIF-Digital har til dømes vidareutvikla idretten sitt medlemssystem KlubbAdmin med felles innmeldingsløyising, samt arrangementsløyisinga Isonen og Idrettens Office 365 vart tilbydd gratis til idrettslaga i 2020. På grunn av koronasituasjonen vart det til dømes også utvikla ei nettside for besøksregistrering. Det går føre seg eit kontinuerleg utviklingsarbeid innanfor dei digitale løysingane, der idrettskretsen aktivt formidlar tilbakemeldingar og forslag til forbetring til idrettsforbundet.

RESULTATMÅL

- **Færre melde konfliktsaker:** Ikkje registrert/vore gjort målingar av dette.
- **Medlemskapstal:** Sjå statistikk.
- **Måle effekt av digitaliseringsløftet:** Ikkje mogleg å måle
- **Talet på melde saker om økonomiske utfordringar:** Estimert mellom 150-200 idrettslag som årleg tek kontakt om ulike problemstillingar.
- **Talet på tiltak retta mot ungdom:** Årleg basis-treningssamling for ungdom og gjennomført del 2 av Leiarkurs for ungdom i 2020. Eitt aktivitets-leiarkurs ungdom. Oppretta og vedtatt mandat for Ungdomsutvalet.



Regnbogedagane - Bergen Pride 2021.

Talet på kompetansehevande tiltak:

Type kurs/tiltak	2020	2021
Anleggskurs (nytt 2020)	1	3
Dagleg leiar samling	1	2
KlubbAdmin	13	15
Klubbens styrearbeid i praksis	10	8
Klubbesøk/klubbtiltak	10	33
Kontrollutvalets ansvar og oppgaver	0	1
Rettleiarsamling/møte	2	1
Start- og oppfølgingsmøte	1	2
Trygg på trening	14	17
Verksemdsplan	1	0
Økonomikurs	3	2
Totalt	56	81

Fig 14

Ein del av kursa/tiltaka vart gjennomført digitalt.



foto: Trond Berge Høvik

Trygg på trening foredrag i IL Gneist, turngruppa 2021.



Delmål 3

Gode rammevilkår i idrettslaga



Med bakgrunn i SSB sin satellittrekneskap for ideelle og frivillige organisasjonar kan vi berekne verdien av det frivillige arbeidet i idretten. Berekninga forutset at frivilligheita er likt fordelt på alle medlemskap. Tabellen under viser verdien av frivillig arbeid i idretten i Vestland idrettskrets basert på samordna rapportering 2020.

Idrettsråd	IL	Medlemskap	Verdi
Alver idrettsråd	38	8 637	78 141 161
Askvoll Idrettsråd	7	972	8 793 934
Askøy Idrettsråd	41	7 991	72 296 633
Aurland Idrettsråd	1	288	2 605 610
Austevoll Idrettsråd	8	1 337	12 096 183
Austrheim Idrettsråd	3	479	4 333 636
Bjørnafjorden idrettsråd	41	7 140	64 597 417
Bremanger Idrettsråd	7	901	8 151 579
Bømlo Idrettsråd	20	3 451	31 222 085
Eidfjord Idrettsråd	2	238	2 153 247
Etne Idrettsråd	8	1 237	11 191 457
Fedje Idrettsråd	1	142	1 284 711
Fitjar Idrettsråd	3	786	7 111 144
Fjaler Idrettsråd	7	1 118	10 114 834
Gloppen Idrettsråd	16	3 179	28 761 231
Gulen Idrettsråd	9	921	8 332 524
Hyllestad Idrettsråd	3	393	3 555 572
Høyanger Idrettsråd	8	1 443	13 055 192
Idrettsrådet i Bergen	367	91 095	824 159 902
Kinn idrettsråd	31	4 808	43 499 213
Kvam Idrettsråd	28	3 065	27 729 844
Kvinnerad Idrettsråd	23	3 875	35 058 122

Idrettsråd	IL	Medlemskap	Verdi
Luster Idrettsråd	10	1 871	16 927 418
Lærdal Idrettsråd	4	1 208	10 929 087
Masfjorden Idrettsråd	6	670	6 061 662
Modalen Idrettsråd	1	178	1 610 412
Osterøy Idrettsråd	11	1 963	17 759 766
Samnanger Idrettsråd	2	305	2 759 413
Sogndal idrettsråd	19	4 874	44 096 332
Solund Idrettsråd	2	245	2 216 578
Stad idrettsråd	20	3 425	30 986 856
Stord Idrettsråd	40	6 146	55 604 443
Stryn Idrettsråd	13	2 876	26 019 912
Sunnfjord idrettsråd	28	6 136	55 513 971
Sveio Idrettsråd	6	677	6 124 993
Tysnes Idrettsråd	10	1 173	10 612 433
Ullensvang idrettsråd	24	3 457	31 276 368
Ulvik Idrettsråd	4	285	2 578 468
Vaksdal Idrettsråd	10	1 318	11 924 285
Vik Idrettsråd	4	423	3 826 990
Voss idrettsråd	46	8 844	80 013 943
Øygarden idrettsråd	49	9 346	84 555 667
Årdal Idrettsråd	6	1 506	13 625 169
SUM	987	200 422	1 813 269 399

Fig 15 Tabellen over viser verdien av frivillig arbeid i idretten i Vestland idrettskrets basert på samordna rapportering 2020.

Idrettskretsen skal bidra til at idrettslaga har nødvendig kunnskap for å sikre god økonomistyring.

Vestland idrettskrets har i 2020 ført rekneskap for to idrettskretsar, ni særkretsar og åtte idrettslag. Totalt er det ført rekneskap for 19 einingar, samt lønn og konsulentbistand til to einingar. I 2021 vart det ført rekneskap for to idrettskretsar, eitt særforbund, ni særkretsar og ni idrettslag. Totalt er det ført rekneskap for 21 einingar, samt lønn og konsulentbistand til to einingar. Idrettskretsen tilbyr økonomikurs for idrettslaga, samt råd og rettleiing i saker som vert meldt til oss gjennom idrettslaga.

Idrettskretsen skal jobbe med politisk påverknad for å styrke rammevilkåra for organisasjonsledda og jobbe for at idrettslaga skal få auka tilskot.

Idrettskretsen har arbeidd med politisk påverknad på fleire nivå. Nasjonalt har det vore arbeidd saman med NIF for å styrke sentrale støtteordningar og krisepakkar. VIK har også hatt kontakt med stortingspolitikarar frå vårt fylke. VIK har vore involvert i den nasjonale kartlegginga av økonomiske konsekvensar for idrettslag knytt til pandemien. I dette arbeidet har vi bidratt i innhenting av opplysningar frå idrettslag

knytt til bortfall av inntekter ved arrangement som må avlysast, og andre økonomiske konsekvensar som idrettslaga opplevde. Den første krisepakken treffe dårleg. Dei påfølgande krisepakkane treffe langt betre, og kunne hjelpe idrettslaga gjennom dei største økonomiske utfordringane.

Regionalt har vi hatt tett dialog med Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen sette av kr. 2 035 000 til idrettskretsen som ekstraordinært tilskot knytt til pandemien. Dette beløpet blei i sin heilskap vidareformidla til særkretsar/regionar som hadde søkt på ordninga. I 2021 vart kr. 1 787.000 fordelt til særkretsar/regionar samt Vestland idrettskrets og Olympiatoppen Vest.

På lokalt nivå har idrettsråda vore følgd opp med tanke på mogelege støtteordningar og tiltak i den enkelte kommune. Bergen kommune sette av kr. 27,5 millionar kroner som ekstra tilskot til idrettslaga i 2020. VIK har hatt orienteringar og peikt på utfordringar for ordførarar i kommunar i Vestland.

I dei siste månadane i 2021 vart det frå idrettsorganisasjonen arbeidd for å avgrense skadeverknadane av høge straumprisar for idrettslaga. Utfordringa med høge straumprisar har vore særleg stor for idrettslag som eig og driftar egne anlegg.

Lokale aktivitetsmidlar (LAM)

Målsettinga med tilskotsordninga er å bidra til aktivitet og deltaking i medlemsbaserte foreiningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom. Det er laga sin primæraktivitet som skal støttast og ordninga skal understøtte den frivillige innsatsen i laga. Idrettsrådet i den enkelte kommune fordeler midlane ut frå vedtekne kriterium.



Fig 16

År	Beløp Vestland
2017	41 436 390
2018	45 056 381
2019	45 528 386
2020	45 295 947
2021	50 996 463

Fig 17

Momskompensasjon varer og tenester



Fig 18

Talet på idrettslag som har søkt om momskompensasjon for varer og tenester var stabilt fram til 2020 då det var færre idrettslag som søkte. I 2021 er søkartalet det same som for 2020. Det er eit potensial for at fleire idrettslag søker på denne ordninga.

År	Beløp	Tall idrettslag søkt	Prosent av alle IL
2017	39 817 909	640	62%
2018	42 688 536	643	63%
2019	53 077 797	650	64%
2020	52 687 663	604	60%
2021	52 086 350	603	60%

Fig 19

Momskompensasjon idrettsanlegg

Idrettslag som bygger egne idrettsanlegg kan søkje om å få kompensert betalt meirverdiavgift. Ordninga omfattar anlegg som har hatt byggestart etter 01.01.2010 og som er omfatta av spelemiddelordninga.



Fig 20

Utviklinga i momskompensasjonsordninga for idrettsanlegg for idrettslaga i Vestland har vore slik:

År	Tal søknadar	Beløp
2017	78	17 103 436
2018	77	23 786 199
2019	81	49 294 235
2020	62	34 891 917
2021	63	30 633 540

Fig 21

Særkretstilskot

I 2020 tildelte Vestland idrettskrets 1 700 000,- til særiddrettane i Vestland. 1 600 000,- til særiddrettar med regionalt ledd og 100 000,- til idrettar utan regionalt ledd.

I 2021 tildelte Vestland idrettskrets 1 750 000,- til særiddrettane i Vestland. 1 650 000,- til særiddrettar med regionalt ledd og 100 000,- til idrettar utan regionalt ledd.

Grasrotandel

Norsk Tipping genererte 737 millionar kroner i grasrotmidlar i 2021. Dette er ei auke på 20 millionar kroner frå 2020 og ein auke på 39 millionar frå 2019.

År	Norge	Totalt i Vestland	Idrettslag i Vestland
2019	698 mill	94 mill	41,8 mill
2020	717 mill	94 mill	40,6 mill
2021	737 mill	96 mill	41 mill

Fig 22

Ekstraordinære koronamidlar frå Vestland fylke

Hovudutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylkeskommune vedtok 16.09. ei ny tilskotsordning med ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet som er berørt av koronasituasjonen. Det er samla kr 17 883 000 til fordeling innanfor desse områda: idrett og friluftsliv, frivillig kulturliv og profesjonelt kulturliv

Vestland idrettskrets koordinerte denne ordninga for idretten. Idretten fekk 2 035 000,- gjennom denne ordninga.

Statlege koronakrisepakkar gjennom Lotteritilsynet

Under koronapandemien har staten oppretta fleire krisepakkar som idrett og kultur kan søke om kompensasjon gjennom.

Krisepakkar	Tildelt beløp til idrettslag i Vestland	Tal søknadar
Krisepakke 1 - 2020	12 166 735	106
Krisepakke 2 - 2020	63 668 799	250
Krisepakke 3 - 2020	33 420 357	223
Krisepakke 4 - 2021 Covid-tilskot til publikumsarrangement av nasjonal verdi idrettssektoren	11 348 310	9
Krisepakke 4 - 2021 Covid-tilskot i forbindelse med arrangement eller aktivitetar	34 800 020	240

Fig 23

RESULTATMÅL

- Korleis idrettslaga, idrettsråda og særkretsane opplever samarbeidet med idrettskretsen:**
Brukarundersøking - Vi fekk inn svar frå 165 idrettslag, 19 idrettsråd og 16 særkretsar/regionar. Sjølv om vi kunne ønska oss fleire svar gav det oss nokre svar som vi har jobba vidare med. Undersøkinga syner at organisasjonsledda stort sett er veldig fornøgd med hjelpa dei får når dei er i kontakt med oss. Men nokre få hadde problem med å finne kontaktinfo og hadde problem med å få kontakt med oss. Mange visste heller ikkje kva vi kunne hjelpe organisasjonsledda med, spesielt idrettslag. Dette har vi tatt tak i blant anna ved å lage ei brosjyre som fortel kva vi gjer og som er sendt ut til organisasjonsledda. Undersøkinga gav oss i tillegg eit grunnlag for å tilby forskjellige typar tiltak/kurs til organisasjonsledda utifrå dei innrapporterte behova.
- Utvikling i tilskot til idrettslaga:**
Sjå figur 16-23.



FLEIRE OG BETRE IDRETTS-ANLEGG

For å nå målet skal idrettskretsen mellom anna bidra til å utarbeide gode behovsanalysar lokalt og vere ei støtte for idrettsråd, særkretsar og idrettslag i interne prosessar knytt til anlegg. Idrettskretsen skal ha god kontakt med politikarar og offentleg administrasjon.

I 2019 vart stillinga Anleggs- og utviklingskonsulent oppretta, og gjennom tilsetjing her har det vore regelmessig dialog med ulike organisasjonsledd i ulike anleggsfaglege spørsmål.

Som ein del av vedteken anleggsstrategi i Norges idrettsforbund "Idretten skal-fleire og betre anlegg" har Vestland idrettskrets spelt inn anlegg til anleggs-politisk program. I desse innspelsrundane har idretts-råd og særkretsar/regionar blitt invitert til å melde inn anlegg til programmet. I forslaget til anleggspolitisk program er det tre hovedkategoriar:

- Større trenings og rekrutteringsanlegg
- Strategisk viktige anlegg for særforbund og idrettskretsar
- Etablering eller oppgradering av meisterskaps-anlegg

Basert på innspel frå organisasjonsledda i fylket har Vestland idrettskrets gjeve sine innspel vidare der endeleg prioritering vert gjort av idrettsstyret. Dessverre har det ikkje blitt gjennomslag for tildeling av midlar til anleggspolitisk program i hovudfordelinga på spelemidlar i 2020 og 2021, men arbeidet med å få denne ordninga på plass held fram.

Idrettskretsen har vore representert i idrettsråda sine årsmøte eller andre møte der anleggsspørsmål har vore tema og bidrege med faglege råd og delteke på synfaringar saman med idrettsråda i anleggssaker lokalt i kommunane.

Idrettskretsen samhandlar med Vestland fylkeskommune i arbeidet med anlegg, til dømes gjennom bidrag i ulike møte og konferansar, og i møte med kommunane med tema revisjon av kommunalplan for fysisk aktivitet.

Delmål 1

Ha fleire og betre idrettsanlegg



I 2021 inngjekk Vestland fylkeskommune og Vestland idrettskrets ein 4-årig samarbeidsavtale knytt til berekraftige idrettsanlegg. Hovudmåla i avtalen er å få eit sterkare fokus på berekraft i planlegging, bygging og drift av idrettsanlegg. Det er også eit mål å bidra til at idretten får auka kompetanse innan området samt å knytte til seg kompetanse frå forskings- og utviklingsmiljø knytt til anleggsspørsmål. Ein del av avtalen har fokus på eit samarbeid knytt til prosess ved rullering av kommunale planar for idrett og friluftsliv i kommunane. Intensjonen i avtalen er at fylkeskommune og idrettskrets saman reiser ut i kommunane ved hovudrullering og bistår både idretten og kommuneadministrasjon i samband med rullering av plan.

Idrettskretsen skal skape gode møteplassar med anleggsfaglege tema, og bidra til at idretten tek eit miljøansvar ved planlegging, bygging og drift av idrettsanlegg. Idrettskretsen skal ha ei koordinerande rolle overfor særkretsar og regionar.

Det var i mars 2020 planlagt anleggskonferanse på Voss med eit breitt program, mellom anna innanfor miljøvenleg drift av idrettsanlegg. Konferansen måtte desverre utsetjast på grunn av koronasituasjonen. I oktober 2021 vart anleggskonferansen gjennomført med god deltaking både frå offentleg tilsette som har idrett som arbeidsområde og frå idrettslag og idrettsråd.

Idrettskretsen har vore på anleggsbesøk saman med idrettsråd, særkretsar og kommunar, og delteke aktivt på samlingar for kommunane og fylkeskommunen med anleggstema i den grad det har late seg gjennomføre.

Idrettskretsen skal jobbe for auka finansiering/større del av spelemidlar

Oppnådd prosentandel spelemidlar varierer ein del mellom dei ulike anleggstypene. Grunnen til dette er at makssatsen for tilskot for anleggstypen ikkje alltid harmonerer med den reelle byggjekostnaden for

enkelte anleggstypar. Dei oppnår dermed ein lågare prosentandel spelemidlar. Det har vore arbeidd anleggspolitisk med å heve tilskotssatsane på anlegg som oppnår lågast prosentandel spelemidlar, men ein har ikkje fått gjennomslag for auke. Auke i satsane vil kunne bidra til auka etterslep dersom ikkje totalramma på tildelte spelemidlar aukar tilsvarende noko som gjev utfordringar når dei økonomiske rammene ikkje blir større.

Idrettskretsen har ein god dialog med fylkeskommunen i anleggssaker og saker om spelemidlar og tildeling av midlar. Åra 2020 og 2021 var spesielle år på grunn av pandemi og sterke avgrensingar i aktiviteten i idrettslaga noko som også påverka inntektene og kostnadane for anleggseigarane. Før spelemiddel-

tildelinga i 2020 sende kulturdepartementet ut ei oppmoding til fylkeskommunane om at ein ved årets tildeling prioriterte anlegg som var eigd og drifta av friville organisasjonar og dette vart til ein viss grad teke omsyn til ved endeleg tildeling.

Samla fekk fylket tildelt kr 191 millionar til fordeling i 2020 mot kr 226 millionar i 2019. For 2021 vart fylket tildelt kr 209 millionar. Søknadssummen for 2019 var rekordhøg nasjonalt etter mange kommunesamanslåingar som utløyste mange anleggsutbyggingar.

Nasjonalt har det vore relativt stor auke i søknadsmassen dei siste åra, noko som påverkar ventetida på midlar.

Tabell 4: Fylkesvis fordeling spelemidlar 2021

Fylke	Søknadsbeløp	Folketal	Anleggsdekning	Fylkesvis fordeling	% Innvilga
Agder	347 590 000	308 843	169,322	95 306 000	27,42
Innlandet	447 269 000	370 603	134,814	108 577 000	24,28
Møre og Romsdal	371 786 000	265 544	119,025	88 182 000	23,72
Nordland	434 258 000	240 345	133,081	94 719 000	21,81
Oslo	180 036 000	697 010	588,691	156 299 000	86,82
Rogaland	631 294 000	482 645	203,476	154 381 000	24,45
Troms og Finnmark	322 445 000	242 168	142,788	80 213 000	24,88
Trøndelag	741 978 500	471 124	184,9	167 269 000	22,54
Vestfold og Telemark	387 125 000	421 882	196,59	121 492 000	31,38
Vestland	957 592 000	638 821	190,012	209 243 000	21,85
Viken	1 256 800 000	1 252 384	258,117	292 840 000	23,30
Noreg	6 078 173 500	5 391 369		1 568 521 000	25,81

Fig 24

Tabell 1: Fylkesvis ventetid 2021

Fylke	Søknadsbeløp	Fylkesvis fordeling	Etterslep	Ventetid
Agder	347 590 000	95 306 000	252 284 000	2,65
Innlandet	447 269 000	108 577 000	338 692 000	3,12
Møre og Romsdal	371 786 000	88 182 000	283 604 000	3,22
Nordland	434 258 000	94 719 000	339 539 000	3,58
Oslo	180 036 000	156 299 000	23 737 000	0,15
Rogaland	631 294 000	154 381 000	476 913 000	3,09
Troms og Finnmark	322 445 000	80 213 000	242 232 000	3,02
Trøndelag	741 978 500	167 269 000	574 709 500	3,44
Vestfold og Telemark	387 125 000	121 492 000	265 633 000	2,19
Vestland	957 592 000	209 243 000	748 349 000	3,58
Viken	1 256 800 000	292 840 000	963 960 000	3,29
Noreg	6 078 173 500	1 568 521 000	4 509 652 500	2,88

Fig 25

For å kunne samanlikne tar vi med at søknadsbeløpet i 2020 var kr. 948 917 000 for Vestland. Tildelt beløp for Vestland var kr. 191 793 000, og etterslepet utgjorde etter dette kr. 757 124 000. Ventetida i 2020 var 3,95 år.



foto: Grethe Hillestad

Curling - Åsane Arena

RESULTATMÅL

- **Type og tal på anlegg, dekningsgrad:** Det er utarbeidd statistisk materiale på anleggsdekning i forhold til innbyggjartal i kvart fylke. I eit stort fylke som Vestland vil det naturlegvis vere variasjon innan fylket når ein bryt talla ned på kommunenivå. Dette saman med utbreiing av dei ulike idrettane vil vere viktig i det anleggspolitiske arbeidet vidare. Sjå fig. 24
- **Antal pågåande anleggsprosessar:** Det er ikkje ført logg på henvendingar i anleggsspørsmål, men det har vore gjeve råd utifrå behov både til idrettslag, idrettsråd og særkretsar. Idrettskretsen er i ein utviklingsfase med tanke på ny stilling på anlegg, og den spesielle situasjonen med pande- mi har sett avgrensingar for utadretta verksemd i form av fysiske møteplassar. Sjå statistikkdel?
- **Tildelte spelemidlar 2020:** Sjå fig. 25
- **Gjennomførte kompetansetiltak med fokus på miljøvenlege løysingar ved bygging og drift av anlegg:** Det var i 2020 opna for påmelding til anleggskonferanse saman med fylkeskommunen med mellom anna miljøtema på programmet, men denne måtte avlysast pga covid-19. Konferansen vart gjennomført i 2021 med mellom anna miljøfokus i anleggsutviklinga. Saman med fylkeskommunen og ein del andre aktørar var vi med som arrangør av digital kulturkonferanse. Her hadde ein eit foredrag frå idretten som gjekk på berekraft og miljø ved idrettsarrangement der ein fekk vist fram arrangement som har omstilt seg for å bidra positivt i klimarekneskapen.
- **Systematisk dokumentasjon av anleggsbehova:** Ein har fått tilgang til eit bra verktøy i power BI som vil kunne vere nyttig i høve å synleggjere anleggsdekning ut frå innbyggjar-, medlems-, og aktivitetstal. Spesielt viktig for idrettsråda og deira arbeid.



foto: Janne Landås

Fana Arena

Delmål 2

Sikre tydeleg
samanheng mellom
behov og anleggsbygging



Idrettskretsen skal mellom anna hjelpe og rådgje idrettsråd i høve planprosessar i kommunen og styrke anleggs-kompetansen i idrettsråda.

Revisjonsmøte kommunale planar for idrett

I samband med hovudrevisjon av kommunale planar for idrett og friluftsliv i kommunane var det planlagt å delta på revisjonsmøte saman med fylkeskommunen. På grunn av korona har dette ikkje vore gjennomført. Gjennom samarbeidsavtalen med fylkeskommunen skal dette arbeidet prioriterast og det vil bli gjort når situasjonen er slik at det let seg gjennomføre.

Fagtema på møte i idrettsråda

I samband med årsmøte i idrettsråda har det kome ønskje om anleggsfaglege tema. Dette har administrasjonen bidrege med utifrå lokale ønskje og behov. I 2021 kom det ny forskrift knytt til kunstgras med fokus på å unngå spreiding av plast og gummigranulat til naturen. Fleire idrettsråd har hatt dette som tema på årsmøte og administrasjonen har bidrege med formidling av innhaldet i forskrifta.

Anleggskurs

Idrettskretsen har gjennom si rolle i fagteam for anlegg i Idrettsforbundet vore med å utvikla eit nytt anleggskurs for idrettslag. Anleggskurset vart gjennomført på Idrettens Møteplass i og på samling for daglege leiarar i idrettslag i 2020, medan ein i 2021 gjennomførte kurs i Austevoll.

Kurset gjev grunnleggjande informasjon om spelemidlar og søknad samt generelle råd i prosessen frå idé til ferdig anlegg og kan køyrast både for idrettsråd, idrettslag og særgrupper der tilbakemeldingane er at det er behov for å styrke kompetansen på området.

Dette er eit fysisk kurs på 2 timar og det har vore utfordrande å få gjennomført fysiske kurs i tingperi-oden. Tilbakemeldingane frå dei som har gjennomført kurset er positive og at det har dekkja eit behov som idrettslaga og idrettsråd har hatt innanfor området.

Idrettskretsen skal utarbeide oversikt over anleggsdekning og framtidige behov.

Norges Idrettsforbund har utvikla eit nytt analyseverktøy knytt til anlegg, kommune og spelemidlar. Med dette verktøyet som er knytt til kulturdepartementet sitt anleggsregister vil ein kunne ta ut ulike statistikkar som viser anleggsdekning, utviklingstrekk, samtildeling av spelemidlar som kan knytast opp mot innbyggjartal i den enkelte kommune eller fylke. Med litt vidareutvikling vil dette kunne bli eit godt verktøy til bruk i anleggsplanlegging både i idrettsråda og idrettslaga. Dette kan nyttast for å kartlegge status og vise anleggsdekning for å synleggjere behov i forhold til medlems/aktivitetstala i den enkelte idrett i kommune og fylke.

RESULTATMÅL

- **Aktivitet og bruksgrad:** Idrettskretsen har bistått idrettslag og idrettsråd i plansaker med råd i høyringssaker i kommunar, samt i samband med rullering av kommunale planar. På grunn av kovid 19 vart det ikkje gjennomført slike prosessar etter nedstengingane.
- **Måle om ein har bygd dei rette anlegga:** Det er ikkje gjennomført målingar.

Delmål 3

Jobbe for gratis bruk for barn og unge



Idrettskretsen skal kartlegge anleggsdekning, anleggsbehov og status på brukarbetaling ved bruk av idrettsanlegg.

Idretten har analyseverktøy som hentar rapportar basert på kommunen sine kostratal. Her kan vere ulik rapportering frå kommune til kommune, som gjer at tala ikkje alltid er samanliknbare mellom kommunar og ikkje alltid gjev rett bilde av støtta den enkelte kommune gjev til idretten.

I 2020 og 2021 har det vore ein ekstraordinær situasjon med omsyn til bruk og betaling for idrettsanlegga.

Ein har bistått idrettsråda og idrettslaga som har hatt utfordringar knytt til betaling for bruk av anlegg. Generelt har ein hatt fokus på å få redusert betalinga for bruk av kommunale anlegg via idrettsråda og her er eksempel på at ein i enkeltkommune har fått redusert leiga med 20% ved å få sett temaet på dagsorden, noko som viser at det hjelper. Samtidig viser det seg at det er stor variasjon mellom kommunane og betaling for bruk av anlegg.

Sikre informasjon om støtteordningar for utsette grupper

Klubbutviklar inkludering informerer jamleg idrettslag og idrettsråd og andre samarbeidspartar om støtteordningar som treff målgruppa idrett, inkludering og mangfald. Støtteordningane blir òg informert om på våre nettsider.

RESULTATMÅL

- **Status kommunar med gratis bruk av anlegg for barn og unge:** Vi får ut rapportar på dette i Power BI, basert på kostratal kommunane har rapportert inn. Tilbakemeldingar frå kommunane er at desse tala er av variabel kvalitet på grunn av ulik måte å rapportere på. Når datakvaliteten er ulik må vi bruka tala med omtanke. Dei idrettsråda som har signalisert behov for tal for dokumentasjon i sin kommune har fått desse. Ein kan håpe på at ein ved å bruke tala kan bidra til at kommunane vert flinkare til å få ei meir lik innrapportering slik at tala mellom kommunane er rette og meir samanliknbare.
- **Redusert brukarbetaling rekna frå 2019:** Det har vore ein ekstraordinær situasjon i 2020 og 2022. Vestland idrettskrets bistår idrettsråd med råd for å få redusert brukarbetaling, og ein kommune fekk som følgje av det reduksjon med 20 %. Dei fleste idrettslag har i 2020 og 2021 fått redusert leige som følgje av nedstenging av aktivitet og at anlegga dermed er vesentleg mindre brukt enn i eit normalår.



SAMMEN
om de store
prestasjonene



Rapport

2020-2021



Olympiatoppen
Vest

Sjå eige dokument

10. BEHANDLE IDRETTSKRETSEN SIN REKNESKAP (Sjå eige dokument)

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Fremlagte rekneskap for Vestland idrettskrets for 2020 og 2021 godkjennast.

11. BEHANDLE LANGTIDSPLAN OG LANGTIDSBUDSJETT FOR IDRETTSKRETSEN

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Fremlagte langtidsplan 2020-2024 og langtidsbudsjett for Vestland idrettskrets for 2022 og 2023 godkjennast.



STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE 2020 - 2024

VESTLAND IDRETTSKRETS

Vestland idrettskrets er paraplyorganisasjonen for idretten i Vestland fylke.

Tal frå den siste samordna rapporteringa viser at Vestland idrettskrets består av 1 015 idrettslag og 200 422 medlemskap. I tillegg kjem bedriftsidretten med 188 idrettslag og 13 805 medlemskap. Samla sett er det dermed 1 203 idrettslag og 214 227 medlemskap i idretten i Vestland.

Av fylket sine 1 015 idrettslag er 248 fleiridrettslag og 767 sær-idrettslag. Det vil sei at det store fleirtalet av idrettslag i fylket driv kun med ein idrett.

Samansettinga av medlemmar er slik:

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	Over 25 år	Totalt
Kvinner	3 161	27 442	16 835	8 576	29 134	85 148
Menn	3 192	29 554	19 782	12 339	50 407	115 274
Totalt	6 353	56 996	36 617	20 915	79 541	200 422

Vestland fylke består av 43 kommunar. Alle idrettslag skal vere tilslutta eit idrettsråd, som skal arbeide for best moglege forhold for idretten i kommunane. Det er 55 særforbund i Norge. 53 av desse har aktivitet i Vestland. Dei største sær-idrettane er fotball, handball, friidrett, gymnastikk og turn, golf, svømming og ski.

FØRESETNADER I LOVNORM FOR IDRETTSKRETSAR

§1 Formål og oppgåver

Idrettskretsen er eit felles organ for idretten innan sitt geografiske område som skal arbeide med:

- Lovpålagte oppgåver og saker av felles interesse for idretten.
- Idrettspolitiske innsatsområde, spesielt overfor fylkeskommunen, regionale organ/etatar og kommunane, for å styrke idretten si rolle og betre idrettslaga sine rammevilkår.
- Service- og støtteoppgåver overfor idrettsråd, særkretsar/regionar og idrettslag for å styrke aktivitets-, kompetanse- og anleggsutviklinga.
- Informasjons- og opplysningsverksemd om idretten sine verdier og verdiskaping.


Strategisk plan for Vestland idrettskrets 2020-2024 gir dei overordna mål og føringar for verksemda.

Desse dokumenta ligg til grunn for planarbeidet:

- Idretten vil – Langtidsplan for norsk idrett 2019-2023
- Kultur for alle – Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027
- Premiss: Kultur – Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025



I tråd med «Idretten vil» – Langtidsplan for norsk idrett 2019-2023, utarbeider idrettskretsane egne fireårige strategiplanar.



Av dei fire strategiske satsingsområda som blei vedtatt på Idrettstinget i 2019, vil Vestland idrettskrets legge vekt på desse tre satsingsområda:



Det fjerde strategiske satsingsområdet, betre toppidrett, er eit satsingsområde som for Vestland idrettskrets sin del blir ivaretatt gjennom å:

- Arbeide for å betre rammevilkåra for toppidretten
- Arbeide for at det blir bygd idrettsanlegg som ivaretar toppidretten sine behov
- Støtte Olympiatoppen Vest sitt arbeid

Som paraplyorganisasjon for idretten i fylket er idrettskretsen sine nærmaste med-spelarar i eigen organisasjon idrettsråd og særkretsar. Arbeidet med idrettsråda har som målsetting å vidareutvikle desse slik at dei kan styrke si rolle som koordinerande ledd for idrettslaga i den enkelte kommune. Viktige element i arbeidet med særkretsane er økonomisk støtte, samt å vidareutvikle Idrettens Hus i Bergen og Førde.

RAMMEVILKÅR

Idrettskretsen vil legge stor vekt på å skape møteplassar der idrettskrets, idrettsråd og særkretsar utvekslar synspunkt og erfaringar og diskuterer felles problemstillingar. Sjølv om langtidsplanen for norsk idrett prioriterer nokon satsingsområde som viktigare enn andre i de næraste åra, inneber det ikkje at det er dei einaste organisasjonen skal arbeide med. Det vil alltid vere viktig å jobbe med å betre rammevilkåra for idretten.

Koronapandemien som sette sitt sterke preg på samfunnet i 2020, påverkar også idretten sterkt. Den organiserte idrettsaktiviteten slik vi kjenner den blei sett på vent frå mars 2020. Dette får konsekvensar for aktivitet, organisasjon og ikkje minst økonomi i idrettslaga. Idrettskretsen sitt arbeid for å støtte rammevilkåra må derfor styrkast. Vår nærmaste samarbeidspartnar i offentleg sektor er fylkeskommunen. Nasjonalt støtter vi opp om Norges idrettsforbund sitt arbeid overfor sentrale styresmakter. I den enkelte kommune har idrettsråda som ei prioritert oppgave å arbeide for best mogleg vilkår for idretten.

Det er eit mål at Vestland som fylke og vestlandet som landsdel skal tiltrekke seg fleire store idrettsarrangement og konferansar. Viktige element i arbeidet for å nå denne målsettinga er anleggsutvikling, arrangementskompetanse og samarbeid med andre aktørar både innanfor og utanfor idretten.

FRIVILLIGHEIT

Frivillig innsats er den viktigaste ressursen i norsk idrett. Frivillig arbeid gir meining, trivsel og skapar gode sosiale nettverk for den enkelte. Frivilligheita skapar positive ringverknader både for den enkelte, idretten og samfunnet.

Innanfor idretten i Vestland blir det årleg lagt ned 4 000 frivillige årsverk med ein anslått verdi på i overkant av 2 milliardar kroner. Gode rammevilkår for idrettslaga, først og fremst gjennom fleire og betre idrettsanlegg, gode økonomiske vilkår samt tilgang til relevant kompetanse, vil vere viktige bidrag for å styrke det frivillige bidraget i idrettslaga.

Vestland idrettskrets vil arbeide for å styrke rammevilkåra for idrettslaga slik at dei frivillige kan bruke mest mogleg tid på aktiviteten. Det er eit mål å gjere kvardagen for tillitsvalde enklare. Omfanget av frivilligheita må også synleggjerast overfor politikarar.

ØKONOMI

Skal idretten nå målsetjinga om å vere open, inkluderande og gi idrettsglede for alle, må kostnadsnivået haldast nede. Det må vere mogleg for alle å delta.

Vestland idrettskrets vil arbeide for stabile og føreseielege økonomiske føresetnader for idretten i fylket. Vi vil understøtte sentrale målsetjingar om å sikre ein rettfesta full kompensasjon for moms på varer og tenester og full kompensasjon for anleggsmoms. Spelemidlane er det viktigaste økonomiske bidraget frå nasjonalt hald. **Vestland har svært lang ventetid på utbetaling av spelemidlar. Vi vil derfor arbeide for å redusere ventetida på utbetaling av desse midla.** Kommunane er ein større bidragsytar til idretten enn kva Staten er via spelemidlar. Kommunane sine viktigaste bidrag er investering og drift av idrettsanlegg.

KOMPETANSE

Det er behov for kompetanse på mange ulike område om idrettslaga skal fungere optimalt og lukkast med eit godt aktivitetstilbod.

Vestland idrettskrets vil hjelpe idrettslaga i deira leiing- og organisasjonsutvikling. Klubb utviklingsprosessar, ulike kurs og seminar er viktige verkemidlar for ein enklare og betre kvardag i idrettslaga. Leiarkurs for ungdom vil vere særleg prioritert. Det er eit mål at administrasjonen i Vestland idrettskrets skal ha høg og relevant kompetanse for idrettsorganisasjonen i fylket. Idrettskretsen vil hjelpe idrettsorganisasjonen med kurs og rådgeving innanfor fellesidrettslege og organisatoriske spørsmål. Blant desse er rådgeving om idretten sitt lovverk og retningslinjer, spørsmål om rekneskapsføring og andre økonomiske tema, idrettsanlegg, verdiarbeid og idretten sine digitale løysingar. Vi vil også legge vekt på å dele informasjon og kompetanse innan paraiddrett og arbeid for å nå underrepresenterte grupper.

KOMMUNIKASJON

Gjennom relevant og målretta kommunikasjon skal Vestland idrettskrets sitt arbeid synleggjerast.

Idrettskretsen sin kommunikasjonsstrategi skal sikre at kommunikasjonsarbeidet støttar opp under dei hovudmål som gjeld for norsk idrett som heilskap i "Idretten vil". NIF sine overordna kommunikasjonsmål er å understøtte visjonen «idrettsglede for alle». Idrettskretsen skal jobbe for best mogleg rammevilkår for idretten i Vestland gjennom si faglege ekspertise, kompetansedeling i eigen organisasjon og gjennom kunnskapsbasert påverknadsarbeid. Kommunikasjonstiltak skal synleggjere påverknadsarbeidet. Kommunikasjon vil samtidig vere eit sjølvstendig verkemiddel for å oppnå ønska resultat av påverknadsarbeidet vårt.



Dokumentet er bygd opp av fem element:

Hovudmåla, er satt av Norges idrettsforbund i langtidsplanen - Idretten vil.



BETRE IDRETTSLAG

Delmåla, er formulert av Vestland idrettskrets og skal bygge opp under hovudmåla



VELFUNKNERANDE OG KOMPETENTE IDRETTSLAG MED SUNN ØKONOMI

- Meir dialog med idrettslag
- Sikre trygge sosiale rammer i idretten
- Tilby klubb utvikling, styre og økonomikurs og andre kompetansehevande tiltak
- Implementere digitaliseringsløftet
- Særskilt fokus på å rekruttere og halda på ungdom i tillitsvern
- Stimulere til frivillig engasjement
- Jobbe for balanse i alderssamansetnad og kjønn blant tillitsvalde, trenarar og leiarar

Tiltak, er konkretisering av kva det skal arbeidast med for å nå delmåla



Føresetnader, er punkt som vi meiner er viktige for å kunne nå delmåla



FØRESETNADER

Tilstrækkeleg tillitsvalde og frivillige idrettslag og idrettsråd
Økonomisk handlerom i idrettslaga
Rett kompetanse og samansetting av tillitsvalde, frivillige og trenarar
Relevante og funksjonelle kompetansepakkar
Forebyggjande tiltak mot trakassering og seksuelle overgrep
Aktive klubbrettleiarar

Resultatmåling, viser korleis administrasjonen vil rapportere til styret og styret til tinget. Hensikta/Formålet er at det skal dokumenterast at det blir arbeidd med måla og kva som er status på arbeidet.



RESULTATMÅLING

Korleis idrettslag, idrettsråd og særkretsar opplever samarbeidet med idrettskretsen
Måle effekt av digitaliseringsløftet
Tal innmelde saker om økonomiske utfordringar

LIVSLANG IDRETT

VERE MANGFALDIG OG TILRETTELagt FOR ALLE ALDERSGRUPPER OG NIVÅ

- Relevante og spissa kurstilbod av høg kvalitet for trenarar, leiarar og tillitsvalde
- Motivere idrettslag til å ha tilbod for alle aldersgrupper og nivå, og rettleie i tilrettelegging for ulike målgrupper
- Støtte opp om idrettslaga sitt arbeid med å rekruttere aktivt frå grupper som lett kan falle utanfor
- Tilby rettleiing, kurs og kompetansehevande tiltak som legg til rette for paraidrett - i samarbeid med særiddrettane
- Oppfordre til samarbeid mellom særiddrettar og fleksibel bruk av idrettsanlegg
- Jobbe for godt samarbeid med idrettsråda, særkretsar og ulike offentlege instansar

FØRESETNADER

Kompetente kurslærarar og rettleiarar

Dialog med offentlege etatar og interesseorganisasjonar

Gjennomføre klubbbesøk, og synleggjere gode tiltak, rollemodellar og informere aktivt ut i organisasjonen

Tilstrækkeleg anleggskapasitet

Arbeide for å redusere økonomiske barrierar for deltaking

Informasjon og dialog – møteplassar

Samarbeid med idrettsråda, særkretsar og regionar og legge til rette for informasjon, dialog og møteplassar for organisasjonen vår

RESULTATMÅLING	Talet på kurs, kursdeltakarar og klubbesøk
	Evaluering av kurstilbod og gjennomførte kurs
	Utvikling i medlems- og aktivitetstal, samt tal på aktive med funksjonsnedsetjing og i allidrettstilbod
	Talet på Gjennomførte møte på tvers av organisasjonsledda

HALDE PÅ FLEIRE, LENER

- Ha fokus på fordelane med eit stort aldersspenn i medlemsmassen
- Arbeide for å redusere økonomiske barrierar for deltaking
- Jobbe for at barn og unge møter eit mangfaldig, allsidig og koordinert idrettstilbod i deira nærmiljø
- Bidra til at ungdom kan utvikle seg som trenarar og tillitsvalde i idretten
- Jobbe for at fleire kvinner vil vere trenarar, leiarar og tillitsvalde

FØRESETNADER	Økonomisk handlingsrom for idrettslaga
	Tilgang på anlegg
	Varierte og tilpassa tilbod
	Økonomisk stimuli for vaksenidretten

RESULTATMÅLING	Utvikling i alder og samansetting av tillitsvalde, leiarar og trenarar
	Utvikling i medlemsmassen, samansetting og medlemskap
	Tal på allidrettstilbod i idrettslaga
	Tal på kvinnelege leiarar



BETRE IDRETTSLAG

VELFUNDERANDE OG KOMPETENTE IDRETTSLAG MED SUNN ØKONOMI

- Meir dialog med idrettslaga
- Sikre trygge sosiale rammer i idretten
- Tilby klubb utvikling, **retteiing og kurs om medlemssystem**, styre- og økonomikurs, **samt** andre kompetansehevande tiltak
- ~~Implementere digitaliseringsløftet~~
- Særskilt fokus på å rekruttere og halda på ungdom i tillitsverv
- Stimulere til frivillig engasjement
- Jobbe for balanse i alderssamansetnad og kjønn blant tillitsvalde, trenarar og leiarar

FØRESETNADER	Tilstrekkeleg tillitsvalde og frivillige i idrettslaga og idrettsråda
	Økonomisk handlerom i idrettslaga
	Rett kompetanse og samansetting av tillitsvalde, frivillige og trenarar
	Relevante og funksjonelle kompetansepakkar
	Førebyggjande tiltak mot trakassering og seksuelle overgrep
	Aktive klubbretteiatar

RESULTATMÅLING	Korleis idrettslag, idrettsråd og særkretsar opplever samarbeidet med idrettskretsen
	Talet på idrettslag med godkjent medlemssystem - NY
	Tal ungdommar under 26 år med styreverv i idrettslag, samt andel idrettslag utan styremedlem under 26 år - NY
	Måle effekt av digitaliseringsløftet
	Talet på innmelde saker om økonomiske utfordringar

HØG TRIVSELSFAKTOR BLANT FRIVILLIGE

- Skape møteplassar
- Sikre at digitaliseringsløftet gjer kvardagen enklare i idrettslaga
- Bidra til at ungdom kan utvikle seg som trenarar og tillitsvalde
- Sikre trygge sosiale rammer i idretten
- Tilby kompetanseutvikling

FØRESETNADER	Økonomisk handlerom i idrettslag
	Rekruttere ungdom og ta dei på alvor
	Trivsel
	Organisatorisk kompetanse
RESULTATMÅLING	Færre melde konfliktsaker
	Medlemskapstal
	Tal på kompetansehevande tiltak
	Tal på tiltak retta mot ungdom

GODE RAMMEVILKÅR I IDRETTSLAGA

- Bidra til at idrettslaga har nødvendig kunnskap for å sikre god økonomistyring
- Politisk påverknad for å styrke rammevilkåra for organisasjonsledda
- Skape møteplassar
- Jobbe for at idrettslaga skal få auka tilskot

FØRESETNADER	God kontakt med politikarar og offentleg administrasjon
	Vilje og evne til å lytte og etablere dialog
	Økonomisk handlerom i idrettslaga
	Kompetente tillitsvalde og tilsette i idrettskretsen
	Kurs i økonomistyring
RESULTATMÅLING	Korleis idrettslaga, idrettsråda og særkretsane opplever samarbeidet med idrettskretsen
	Utvikling i tilskot til idrettslaga
	Gjennomførte møte med politikarar og andre beslutningstakarar - NY



FLEIRE OG BETRE IDRETTSANLEGG

HA FLEIRE OG BETRE IDRETTSANLEGG

- Bidra til å utarbeide gode behovsanalysar lokalt av anleggsbehov
- God kontakt med politikarar og offentleg administrasjon
- Vere ei støtte for idrettsråd, særkretsar og idrettslag i interne prosessar knytt til anlegg
- Styrke og utvikle idrettsråda
- Jobbe for auka finansiering/større del av spelemidlar
- Skape gode møteplassar med anleggspaglege tema
- Bidra til at idretten tar eit miljøansvar ved planlegging, bygging og drift av idrettsanlegg
- Koordinerande rolle overfor særkretsar og regionar
- **Kartlegge og følgje opp behova for interkommunale og strategisk viktige anlegg - NY**

FØRESETNADER	Utvikle og sikre politiske relasjonar
	Gode analysar som grunnlag for planarbeid
	Planarbeid
	Finansiering
	Velfungerande idrettsråd
	Koordinering mot særkretsar og regionar

RESULTATMÅLING	Type og tal på anlegg, dekningsgrad
	Tal på pågåande anleggsprosessar
	Tal på idrettsråd som aktivt deltar i anleggsprosessar
	Tildelte spelemidlar
	Gjennomførte kompetansetiltak med fokus på miljøvennlege løysingar ved bygging og drift av anlegg
	Hente fram systematisk dokumentasjon av anleggsbehova
	Gjennomførte kompetansetiltak med fokus på planlegging, bygging og drift av anlegg og miljøvennlege løysingar, herunder anleggskurs med fokus på spelemiddelordninga – NY

SIKRE TYDELEG SAMANHENG MELLOM BEHOV OG ANLEGGSBYGGING

- Sikre tilrettelegging for paraidrett gjennom god universell utforming
- Utarbeide oversikt over anleggsdekning og framtidige behov
- Hjelp og rådgeving til idrettsråd i høve planprosessar i kommunen
- God kontakt med politikarar og offentleg administrasjon
- Styrke anleggskompetansen i idrettsråda

FØRESETNADER	Utvikle og sikre politiske relasjonar
	Økonomiske rammevilkår
	Sikre nødvendig kompetanse i idrettsorganisasjonen
	Tilgjengelege ressursar
RESULTATMÅLING	Aktivitet og bruksgrad
	Måle om ein har bygd dei rette anlegga
	Deltaking i prosessar knytt til rullering av kommunale planar for idretts- og friluftslivanlegg - NY

JOBBE FOR GRATIS BRUK FOR BARN OG UNGE

- God kontakt med politikarar, offentlig administrasjon og idrettsråd
- Styrke og utvikle idrettsråda
- Sikre informasjon om støtteordningar for utsette grupper
- Kartlegge anleggsdekning, anleggsbehov og status på brukarbetaling ved bruk av idrettsanlegg

FØRESETNADER	Utvikle og sikre politiske relasjonar
	Økonomiske rammevilkår
	Koordinering mot særkretsar/regionar
RESULTATMÅLING	Status kommunar med gratis bruk av anlegg for barn og unge
	Redusert brukarbetaling rekna frå 2019



Langtidsbudsjett 2022-2023

Avdeling Vestland idrettskrets

Driftsinntekter og driftskostnader	2022	2023
Offentlige tilskudd	-13 446 083	-13 306 083
Inntekter Idrettens hus Bergen	-1 700 000	-1 751 000
Andre driftsinntekter	-1 206 000	-1 306 000
Sum driftsinntekter	-16 352 083	-16 363 083
Avskrivninger	94 043	94 043
Tilskudd	2 510 000	2 582 000
Varekostnader	50 000	50 000
Lønnskostnader m.m	8 867 500	9 050 000
Drift Idrettens Hus Bergen	3 374 000	3 450 000
Annen driftskostnad	2 156 000	2 200 000
Sum Driftskostnader	17 051 543	17 332 000
Driftsresultat	699 460	968 917
Finansinntekter og finanskostnader		
Finansinntekter	-200 000	-220 000
Finanskostnader	-	-
Resultat av finansposter	-200 000	-220 000
Årsresultat/Underskudd	499 460	748 917

12. BEHANDLE FORSLAG OG SAKER

Til: Vestland idrettskrets (VIK)
Fra: Hordaland friidrettskrets (HFIK)
SAK: HFIK's FORSLAG TIL VIK SITT TING 2022

Forslag 1:

VIK skal påse at man benytter samme mal/kriterier for tildeling av særkretsmidler, enten kretsene er delt eller samlet.

Begrunnelse:

Man kan ikke innenfor en og samme krets velge TO ulike løsningsmodeller for tildeling av midler! VIK har en modell tuftet på målbare kriterier og hvorfor fravike den? Dette skaper konflikter og spekulasjoner og hindrer «forbrødring» på tvers av tidligere fylkes-/kretsgrenser.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støttar ikkje forslaget.

Kriteria for fordeling av tilskot til særiddrettar vart einstemmig vedtatt av idrettskretstinget i juni 2020. Følgande framgår av styret si grunngjeving for det vedtatte forslaget i 2020: «Styret foreslår at støtta utbetalast til særiddretten, som sjølv må avtale fordeling i dei tilfelle der det er to organisasjonsledd innanfor grensa av Vestland idrettskrets.»

Kriteria for fordeling av tilskot til særiddrettar vart utarbeidd av ei arbeidsgruppe som var samansett av representantar frå nokon av særkretsane. Idrettskretsstyret oppnemnte arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa sitt forslag vart tatt vidare til idrettskretsstyret, som i sin tur vedtok å legge dette forslaget fram for idrettskretstinget som styret sitt forslag til fordeling av tilskot til særiddrettane.

Forslag 2:

VIK fastsetter en fast responstid/svartid, gjerne 3 dager, på administrative saker fremsatt muntlig eller pr mail/brev. Dernest bør det gis en antatt svartid om ikke 3-dagers frist kan overholdes.

Begrunnelse:

VIK erkjenner nok at når man skal betjene «Frivilligheten», da må det profesjonelle, fastlønnede apparatet fungere «kundevennlig» og optimalt, da partene nok har ulike tider på døgnet til disposisjon for å få gjort jobben.

VIK har en meget stor, kompetent og lønnet stab, der de ansatte møter idretten meget profesjonelt hver dag. Idrettslagene, som tradisjonelt/normalt er tuftet på frivillighet, og hvor de færreste (om noen) har fast ansatte, de må da fortjene å få et raskt svar, helst muntlig i første omgang, HFIK tilskrev VIK i april i 2022 og fikk et ikke akseptabelt svar i juni/juli samme år. Slikt skal IKKE forekomme.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støttar ikkje forslaget.

Idrettskretsen har som ei klar målsetjing å svare raskt og presist på alle førespurnader.

Lovverket til NIF stiller ikkje krav om ei fast responstid på førespurnader. Ei eventuell logging av når førespurnader er mottatt og når dei er svart på, vurderast som lite hensiktsmessig bruk av ressursar.

Forslag 3:

VIK påser at man følger opp lovnaden fra fusjonsmøtet i Myrkdalen i 2019, der løftene var at forholdene i den nye kretsen skulle harmoniseres, og VIK treffer strakstiltak og gjennomfører en harmonisering av HUSLEIE for særkretsene.

Begrunnelse:

VIK kan ikke fortsette å la hele kretsen subsidiere husleiekostnadene til noen særkretser med hovedsete i Førde. Styret i VIK signaliserer med dette en klar for-fordeling til «noen» og sementerer derfor et inntrykk av ulik behandling. Det ble hevdet i møte med HFIK 090222 at «dette er jo Idrettens eget hus, så derfor....? HFIK vil derfor spørre «HVEM er idretten i Førde som eier huset/deler av det?»

Nok et område som splitter, - styret i VIK kan forene ved enkelt å harmonisere, som ble «flagget» i fusjonsmøtet i Myrkdalen i 2019. Alternativet er å gjenspeile en kompensasjon i virkemidlene til VIK, hvor særkretstilskuddet kan være «grepet». Uansett forskjellsbehandlingen kan ikke fortsette!

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støttar ikkje forslaget.

Kretsstyret er opptatt av å sørge for at det er gode rammer for verksemda ved Idrettens Hus slik at idretten kan vere samla. Det å samle idrettane gir effektar både fagleg, sosialt, praktisk og økonomisk. Subsidiert drifta ved Idrettens Hus er eit verkemiddel for å oppnå denne målsetjinga.

Då Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets vart samanslått til Vestland idrettskrets, var det ulik praksis for økonomisk støtte til leigetakarane ved Idrettens Hus i Førde og i Bergen. Det har historiske årsaker.

Vestland idrettskrets eig i dag seksjonen av bygget i Førde som inneheld Idrettens Hus. Slik har det vore sidan 1990. Idretten i tidlegare Sogn og Fjordane har gjennom vedtak i idrettskrinstinget vald den eigarforma som ein har i dag. Seksjonen vart finansiert med idretten i Sogn og Fjordane sine midlar for å bygge eit robust og godt fagmiljø for idrett.

Vestland idrettskrets leiger lokala som inneheld Idrettens Hus i Bergen. Slik har det vore sidan Hordaland idrettskrets inngjekk eit leigeforhold med Brann Stadion AS i 1998.

Leigetakarar ved Idrettens Hus i Førde betalar ikkje husleige til Vestland idrettskrets. VIK har vidareført praksisen som var gjeldande då Sogn og Fjordane idrettskrins var eigar av seksjonen fram til samanslåinga med Hordaland idrettskrets til Vestland idrettskrets.

Leigetakarar ved Idrettens Hus i Bergen betalar leige for sine kontor til Vestland idrettskrets. VIK har vidareført praksisen som var gjeldande då Hordaland idrettskrets var leigetakar fram til samanslåinga med Sogn og Fjordane idrettskrins til Vestland idrettskrets.

Sjølv om leigetakarane ved Idrettens Hus i Bergen betalar husleige til VIK, yt VIK ei betydeleg økonomisk støtte også til desse leigetakarane. VIK har dei siste åra dekkja utgifter til straum, reinhald og ein del annan felles infrastruktur for leigetakarane. Samla er denne støtta i overkant av kr. 500.000 årleg. Den husleiga som leigetakarane i Bergen betalar til VIK, inkluderer bruk av møte- og kurslokale. Idrettens Hus i Førde inneheld ikkje lokale som kan nyttast til større forsamlingar.

Etter styret si oppfatning tek dagens støtteordningar omsyn til historia og den ulike eigarstrukturen ved dei to Idrettens Hus. Styret vurderer det som viktigare å finne løysingar som ivaretek målsetjinga om å behalde Idrettens Hus samla som robuste einingar, enn å ha identisk innretning på støtteordningane.

Forslag 4:

VIK iverksetter alle nødvendige administrative og organisatoriske tiltak for å redusere utenom – idrettslige kostnader på alle plan, der alle typer kostnader ved møter, seminarer, kurs og konferanser søkes redusert optimalt. Det bør føres eget Prosjektregnskap for dette, ikke minst sett i lys av det som er avdekket i Stat og kommuner. Sparte kostnader skal kunne synliggjøres og dokumenteres, for derefter å føres tilbake til den aktive idretten.

Begrunnelse:

Pandemien har dyrket frem en møtekultur på elektroniske plattformer som synes å passe noen møteformer spesielt bra. For andre fora er «teams» hjelpemidlene/møteformene uegnet. For idretten er «velmente møtekostnader» definert som «vel anvendte kroner», men da «glemmer» man ofte folk med krav fra: Personlig firma, dekke tapt arbeidsfortjeneste osv, samt at man benytter Statens spilleregler for Reiseregning.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støtter ikke forslaget.

Etter styret si mening vert verksemda i idrettskretsen drive svært kostnadseffektivt. Verksemda er lagt opp etter dei rammer som idrettskretstinget har vedtatt. Økonomien i Vestland idrettskrets er sunn. Rekneskapane blir gjennomgått av statsautorisert revisor, og det valde kontrollutvalet følger opp at drifta er i samsvar med vedtak fatta på idrettskretstinget. Rekneskapane med notar er ope tilgjengeleg på nettsidene til idrettskretsen. VIK kan i dag ta ut prosjektrekneskap for dei tiltaka vi gjennomfører.

Forslag 5:

VIK innarbeider i sin handlingsplan (HLP) en rullerende evaluering, der formålet er: «å samordne og å redusere kostnader av likesidete oppgaver (for eksempel utdanning) i særkretsene». Prosjektgruppe etableres umiddelbart.

Begrunnelse:

En fusjon skal ha som overordnet målsetting enten å ekspandere eller redusere administrative/organisatoriske dobbelt-funksjoner. Gevinsten av det sistnevnte føres tilbake til målrettede, synlige idrettslige tiltak.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støtter ikke forslaget.

Idrettskretsen sine overordna plandokument vert behandla på kvart idrettskretsting. Roller og ansvar innanfor kompetanseområdet i norsk idrett er klart definert. Særkretsane driv utdanningstiltak innan sin idrett, og idrettskretsen har ansvar for fellesidrettslege område som organisasjon, økonomi, anlegg, paraidrett mm. Idrettskretsen sine utdanningstiltak er i all hovudsak gratis for deltakarane takka vere kompetansetilskot frå Norges idrettsforbund og bruk av egne midlar.

Forslag 6:

VIK bør omgående foreta en revurdering av sitt økonomiske NÅ ståsted og sine strategiske grep igjennom årene med pandemi, og sett i lys av lovnadene under fusjonen i 2019. Riktige «grep» vil kanskje kunne sikre en fruktbar utvikling og videreutvikling for VIK, men da må man umiddelbart fatte funksjonelle og dynamiske tiltak.

Begrunnelse:

I Myrkdalen efterspurte HFIK minst 3 ganger om resultatene av D-D forhandlingene og eventuelle økonomiske øremerkinger av midler. HFIK fikk IKKE svar på kretsens klare spørsmål.

For HFIK er idrettens kjerneverdier Alfa/Omega, og derfor flagger vi: Ærlighet, Åpenhet, Fair Play, Like vilkår og betingelser, Anti-doping og like konkurransefortrinn. Summen av dette betegner vi som Etiske Spilleregler og størst effekt har dette på nøkkelordet «TILLIT». Brytes tilliten, tar det 3ganger så lang tid å bygge den opp igjen. Det er mye penger som kan «vitaliseres», anvendes og omdisponeres, om så bare midlertidig, dersom VIK; med styremedlemmer med stor strategisk og økonomisk erfaring, rekonstruerer «fusjonen» og D-D ståstedet. S/F hadde mye «fri kapita». Idrettens kretser ble «tvangsgiftet» og noen særkretser etablerte både «særeie», «ektepakt» og «testament», selv «natten før natten». Disse «særeiene» kan kun disponeres av den ene part.

Tenk om man hadde benyttet FRIE» midler til å «bygge nye VIK» ved å etablere tiltak for skape full tillit, likeverd, skape og utvikle prosjekt som: Vestlands – Kappleikane, De Nasjonale, Åpne Vestlands-Mann-jevningene, der de overordnede og samlende målene var synlige, - for alle, i hele landet! Der VIK staket ut en kurs som kunne fremsettes muntlig og underbygges. Bygger man en ny organisasjon der reisverket er fundert på «TILLIT» samtidig som man øremerker midler til de verdisymbolene dette byggverket er fundert på, står man sterkt, kan opptre samlende og vise dynamisk, funksjonelt lederskap.

Kretsstyret sin uttale:

Kretsstyret støtter ikkje forslaget.

Styret legg opp verksemda etter dei strategiske grep som til ei kvar tid blir fatta av idrettskretstinget. I samsvar med andre organisasjonar og verksemdar har også idrettskretsen opparbeidd seg kunnskap gjennom åra med koronapandemi, og vil nytte kunnskapen til å forenkle kvardagen på aktuelle område også i åra framover. Dette ser styret som ei naturleg utvikling.

13. ENGASJERE STATS AUTORISERT/REGISTRERT REVISOR TIL Å REVIDERE REKNESKAPEN TIL KRETSEN.

Kretsstyret sitt forslag til vedtak:

Advisor Revisjon AS ved statsautorisert revisor Ann-Mari M. Juvik vert tilsett som revisor for Vestland idrettskrets for 2022 og 2023. Kretstinget gir kretsstyret fullmakt til å fastsetje revisor sitt honorar.

14. VAL

- a) Styreleiar og nestleiar
- b) Fire styremedlemmar og to varamedlemmar.
- c) Kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar.
- d) Representantar til Idrettstinget, eller gje styret fullmakt til å nemne opp representantar.
- e) Valkomit  med leiar, to medlemmar og eit varamedlem for neste idrettskretsting.

Styreleiar



Nils R Sandal
F dd: 1950
Idrettslag: Breimsbygda IL

Gjenval

Nestleiar



Tone Stavland
F dd: 1970
Idrettslag: Bremnes IL

Opprykk

Styremedlem



Jeanette Heggen
F dd: 1998
Idrettslag: Selbj rn IL

Ny

Styremedlem



Jan-Erik Weinbach
F dd: 1971
Idrettslag: Sogndal IL

Ny

Styremedlem



Jarl-Helmer Svanberg
F dd: 1964
Idrettslag: Kj kkelvik IL

Gjenval

Styremedlem



Anne-Grethe Naustdal
F dd: 1966
Idrettslag: Tambarskjelvar IL

Gjenval


1. varamedlem



Marita Kristiansen
F dd: 1970
Idrettslag: Sotra Sportsklubb

Ny

2. varamedlem



Arne Helgheim
F dd: 1969
Idrettslag: F rde IL

Ny

- c) **Val av kontrollutval med leiar, eitt medlem og to varamedlemmar.**

Valkomitéen sitt forslag til vedtak leggst fram på tinget.

- d) **Val av representantar til Idrettstinget.**

Kretsstyret sitt forslag til vedtak: Gje styret fullmakt til å nemne opp representantar.

- e) **Val av valkomité med leiar, to medlemmar og eitt varamedlem for neste idrettskretsting.**

Kretsstyret sitt forslag til vedtak leggst fram på tinget.

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets

